

Konkurransetilsynet

Postboks 439 Sentrum, 5805 Bergen

Gateadresse: Olav Kyrres gate 8, Bergen

Telefon: 55 59 75 00 / Telefaks: 55 59 75 99

post@konkurransetilsynet.no / www.konkurransetilsynet.no

Design, redigering og produksjon: Gazette

Foto: Marit Hommedal, Erik Norrud

**KONKURRANSE GIR
MEIR EFFEKTIV FORVALTNING
AV SAMFUNNET SINE
RESSURSAR. DET GIR MEIR
TIL HELSE, ELDRE OG
UTDANNING.**



INNHALD

INTRODUKSJON

■ KONKURRANSEDIREKTØREN HAR ORDET

Side 2-3

«Sunn og effektiv konkurranse er til det beste for oss alle. Ved å bruke dei ressursane vi rår over som samfunn på ein effektiv måte, vert det meir att til prioriterte formål som eldreomsorg, barnehageplassar, helsetenester og utdanning.»

■ KORT OM KONKURRANSETILSYNET

Side 4-5

■ ÅRET SOM GJEKK

Side 6

TEMA



■ DAGLEGVARE

SIDE 7-10

I 2007 brukte Konkurransetilsynet dialog – og ikkje formelle vedtak – i to viktige saker for å få partane til å endre praksis og avtalar som braut med konkurranselovera.



■ TRANSPORT

SIDE 11-14

Låge flyprisar fører til auka trafikk og større belastning på miljøet. Er det fornuftig å løyse dette problemet med å slakke på konkurransepolitikken overfor luftfarten?



■ MEDIA OG KOMMUNIKASJON

SIDE 15-18

TV-marknaden er i stor endring. For å sikre velfungerande konkurranse i framtida, må Konkurransetilsynet ha god kunnskap om og overvake utviklinga i marknaden nøye.



■ ENERGI

SIDE 19-22

Kraftmarknaden i Norge fungerer godt samanlikna med dei fleste andre europeiske land. Likevel står det att fleire viktige utfordringar før me har effektiv og sunn konkurranse i marknaden.



■ BANK OG FORSIKRING

SIDE 23-26

Konkurransen i ein marknad har to sider: etterspurnadssida og tilbudssida. Konkurransetilsynet har dei siste åra retta fokuset på etterspurnadssida, altså forhold som påverkar korleis kundane ter seg i marknaden.



■ KONKURRANSE OG INNOVASJON

SIDE 27-32

Konkurranspolitikken understøtter målsettingane med innovasjonspolitikken. Samtidig vil ei fornuftig utforming av innovasjonspolitikken understøtte konkurransepolitikken.



■ INTERVJU

SIDE 30-31

«Vi treng eit Konkurransetilsyn som er tilstades og overvakar konkurransen, og set i verk sanksjonar som merkast når det trengst,» seier Steinar Strøm, professor i sosialøkonomi.



■ INTERNASJONALT

SIDE 33-36

Konkurransetilsynet deltek i eit variert og viktig internasjonalt arbeid. Å klargjere kvifor vi driv dette arbeidet, er viktig for at næringslivet og forbrukarane skal ha tillit til at internasjonale aktivitetar fremmar konkurransen.

RAPPORT

■ STYRKING AV ETTERFORSKINGSARBEIDET

Side 38-39

■ ORGANISASJON OG PERSONALE

Side 40-41

■ BUDSJETT OG REKNESKAP

Side 42-43

■ SAKSSTATISTIKK

Side 44-45

■ OMDØMMEREKNESKAP

Side 46-47

■ KOFA

Side 47

■ KOMMUNIKASJONSREKNESKAP

Side 48



GOD KONKURRANSE ER TIL BESTE FOR SAM FUNNET

Konkurranse kan gje forbrukarane lågare prisar og auka mangfald, samstundes som konkurranseevna til næringslivet vert styrkt. Ei god konkurranselov som vert aktivt handheva er viktig for å utnytte samfunnet sine ressursar på best mogleg måte.

■ ■ På den andre sida vil monopol og misbruk av marknadsmakt føre til at vi får mindre til viktige samfunnsoppgåver. Skadeverknadene av manglande konkurranse er sløsing og på sikt lågare økonomisk vekst fordi det vert mindre innovasjon.

Dei seinare åra har Norge fått ein stadig meir aktiv konkurransepolitikk. Endringane byrja på 1980-talet. Monopol og reguleringar vart avvikla, og i 1994 fekk Norge ei moderne konkurranselov. Lova hadde eit eintydig formål – «effektiv bruk av samfunnet sine ressursar» – og forbod mot ulovleg pris- og anbodssamarbeid og avtalt deling av marknader. I tillegg kom kontroll med oppkjøp og fusjonar.

Sunn og effektiv konkurranse er til det beste for oss alle. Ved å bruke dei ressursane vi rår over som samfunn på ein effektiv måte, vert det meir att til prioriterte formål som eldreomsorg, barnehageplassar, helsetenester og utdanning.

Ein god konkurransepolitikk er tydeleg og forutsigbar for aktørane. Resultatet av ein slik politikk er at næringsdrivande tenkjer seg godt

om før dei inngår ulovleg samarbeid om prisar, tilbud og marknadsdeling. Strafferabatt og amnesti for å varsle om kartellverksemd vil gjere det tillokkande å bryte ut av kartell. Verksemdar med marknadsmakt vil vere forsiktige med å stenge ute konkurrentar, underprise og innføre innelåsende rabattar. Konsekvent fusjonskontroll fører til at aktørane i mindre grad vil prøve å få i stand fusjonar som er samfunnsøkonomisk skadelege.

Ei god konkurranselov og ei aktiv handheving av denne, er førebyggjande. Handsaming av mange saker treng ikkje vere noko suksesskriterium i seg sjølv. Tvert om kan færre handsama saker vere eit teikn på at Konkurransetilsynet har lukkast – og at ein tydeleg konkurransepolitikk og avskrekking verkar etter hensikta. Etter kvart som lova verkar, kunnskapen aukar og konsekvensane av brot vert stadig tydelegare, kan vi forvente at talet på saker går ned.

Men vi er nok ikkje der enno. Lova er relativt ny, og vi får mange spørsmål om lovverket. Ulovleg kartellverksemd og brot på innkjøpsreglane i offentleg forvaltning vert stadig avdekka. Mange bransjar slit med gamle uvanar. Det kan vere store pengar å tjene. For

nokre er det å bryte lova ein kalkulert risiko. Kartella er også flinke til å skjule spora sine. Difor er Konkurransetilsynet i ferd med å styrkje innsatsen mot konkurransekriminalitet. I 2007 er budsjettet til Konkurransetilsynet styrkt for å setje oss betre i stand til avsløre kartellverksemd. I 2007 har tilsynet brukt desse midla på intern oppbygging og profesjonalisering av etterforskningsarbeidet.

Konkurransetilsynet vil i 2008 vidareutvikle samarbeidet med Økokrim, politiet og andre kontrollatar, og vi har starta eit samarbeid med NHO for å betre næringsleiarar sin kunnskap om konkurranselova. Vi vil også samarbeide med andre næringslivsorganisasjonar og med næringslivet for å auke kunnskapsnivået om konkurranselova.

Konkurransetilsynet har teke initiativ til å få selskap som er dømde for brot på konkurranseregelverket fjerna frå etiske investeringsindeksar. Vi har også reist spørsmål om det bør innførast slike avgrensingar i dei etiske retningslinjene til dømes for Statens pensjonsfond – Utland.

Konkurranse er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å oppnå meir og betre velferd for alle. Konkurransetilsynet si oppgåve er å sjå til at regelverket vert handheva slik at vi oppnår det beste resultatet – for norsk økonomi og for samfunnet vårt.

Bergen, mars, 2008



Knut Eggum Johansen
Konkurransedirektør



KORT OM KONKURRANSETILSYNET

Konkurransetilsynet arbeider for sunn konkurranse, til beste for forbrukarane og næringslivet. Hovudoppgåva til Konkurransetilsynet er å handheve konkurranselova.

KONKURRANSETILSYNET SINE OPPGÅVER

■ ■ Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg rammene for arbeidet til Konkurransetilsynet. Departementet er klageinstans for tilsynet sine vedtak og avgjerder, bortsett frå vedtak om lovbrøtsgebyr. Kwart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev med rammer for verksemda det komande året. Drifta vert finansiert over statsbudsjettet.

- Kontrollere at næringsdrivande respekterer forboda i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen og mot misbruk av dominerande stilling
- Føre kontroll med at fusjonar, oppkjøp og andre føretakssamanslutningar ikkje avgrensar konkurransen vesentleg
- Iverksetje tiltak for å gjere marknadene meir gjennomsluttige
- Handheve artikkane 53 og 54 i EØS-avtalen
- Påpeike offentlege tiltak som har uheldige verknader på konkurransen

For å kunne utføre desse oppgåvene, driv Konkurransetilsynet utgreiingsarbeid. Konkurransetilsynet kan gje næringsdrivande gebyr om dei bryt konkurranselova. Den noverande konkurranselova tredde i kraft 1. mai 2004.

Stortinget vedtok i 2003 at Konkurransetilsynet skulle flytte til Bergen innan 1. januar 2007. Flyttinga er gjennomført som føresett, og tilsynet er no etablert i Telegrafbygningen i Bergen sentrum.

ORGANISASJONEN

■ ■ FAGSTAB

Samordnar og kvalitetssikrar juridisk, økonomisk og internasjonalt arbeid.

■ ■ INFORMASJONSSTAB

Driv eksternt og internt informasjons- og kommunikasjonsarbeid.

■ ■ KOFA-SEKRETARIATET

Sekretariatet for Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Er administrativt underlagt Konkurransetilsynet.

■ ■ MARKNADSAVDELINGANE

Fører tilsyn med marknadene, vurderer og sett i verk tiltak overfor avgrensingar i konkurransen. Her skjer sakshandsaminga og mykje av utgreiingsaktivitetane.



■ ■ ADMINISTRASJONSAVDELINGA

Ansvarleg for personaladministrasjon, økonomiforvaltning, dokumentasjon, IKT-tenester og administrativ service.

■ ■ ETTERFORSKING

Vurderer og gjennomfører taktisk og teknisk etterforskning i lovbrøtsaker, inkludert forklaringsopptak og bevissikring, i samarbeid med marknadsseksjonane og staben.

KONKURRANSETILSYNET I SAMFUNNET



JANUAR

- ■ KOFA får frå 1. januar mynde til å legge gebyr ved ulovlege direkte innkjøp.
- ■ Tilsynet påpeikar at Buskerud Fylkeskommune må styrkje konkurransen i drosjenæringa i fylket. Påpeikinga vert seinare gjeve til alle fylkeskommunar.
- ■ SAS får rettleiing vedrørande konkurranse for ruta Oslo – Alta.

FEBRUAR

- ■ Konkurransetilsynet gjev TINE eit lovbrotsgebyr på 45 millionar kroner for utilbørleg utnytting av dominerande stilling og konkurranseavgrensande samarbeid.
- ■ Tilsynet forbyr taxifusjon i Sør-Trøndelag. Vedtaket vert påklaga, men ikkje teke til følgje av departementet.

MARS

- ■ B2C Energy AS får eit lovbrotsgebyr på 60 000 kroner for å ha gjeve uriktige eller ufullstendige opplysningar til tilsynet.

APRIL

- ■ Tilsynet vurderer inngrep mot daglegvarekjedene si utveksling av prisinformasjon gjennom analysebyrået ACNielsen. Etter ei orientering om tilsynet si vurdering, vel partane sjølve å endre praksis.

MAY

- ■ Tide Reiser AS og Veolia Transport får ikkje lenger samarbeide om drifta av ekspressbussruta Kystbussen som trafikkerer strekninga Bergen–Stavanger.

JUNI

- ■ Microsoft og norske fylkeskommunar endrar samarbeidsavtale for programvare-lisensiering etter ei undersøking gjennomført av Konkurransetilsynet.
- ■ Konkurransetilsynet godkjenner Media Norge-fusjonen på visse vilkår.
- ■ Fornyings- og administrasjonsdepartementet vedtek forskrift om forbod mot bonusprogram i innanriksluftfart. Konkurransetilsynet får ansvar for gjennomføring og utfylling av forskrifta.

ÅRET SOM GJEKK: 2007

OKTOBER

- ■ Konkurransetilsynet set i gang ei utgreiing om den norske TV-marknaden.

NOVEMBER

- ■ Nortura får kjøpe Hå rugeri på vilkår.

DESEMBER

- ■ SAS-saka vert avslutta med forlik.
- ■ Konkurransetilsynet foreslår ei klagenemnd for saker om fusjonar og oppkjøp.

SEPTEMBER

- ■ Konkurransetilsynet gir ut analysen Capacity for Competition om den nordiske kraftmarknaden i samarbeid med tilsyna i Sverige, Danmark, Finland og Island.
- ■ Konkurransetilsynet vinn Dagligvareprisen for sitt næringspolitiske arbeid.
- ■ Tilsynet godkjenner fusjonen mellom Oslo Børs og Verdipapirsentralen.

AUGUST

- ■ I si første gebyrsak gjev Klagenemnda for offentlige anskaffingar (KOFA) Statens vegvesen eit gebyr på ein million kroner.

JULI

- ■ Konkurransetilsynet støttar strengt tilsyn med RiksTV i ei påpeiking til Post- og Teletilsynet.
- ■ Fusjonen mellom BBS og Teller blir godkjend på vilkår.

INNHOLD:

- ■ DAGLEGVARER Side 7-10
- ■ TRANSPORT Side 11-14
- ■ MEDIA OG KOMMUNIKASJON Side 15-18
- ■ ENERGI Side 19-22
- ■ BANK OG FORSIKRING Side 23-26
- ■ KONKURRANSE OG INNOVASJON Side 27-32
- ■ INTERVJU / STEINAR STRØM Side 30-31
- ■ INTERNASJONALT Side 33-36

DET OVERORDNA MÅLET ER
Å FÅ PARTANE TIL Å ENDRE
ÅTFERD SOM ER I STRID MED
KONKURRANSELOVA – OG Å
FÅ ANDRE TIL Å AVSTÅ FRÅ
LIKNAVDE ÅTFERD I FRAMTIDA.



TEMA: DAGLEGVARER

Det er resultatata som tel

I 2007 har Konkurransetilsynet i to viktige saker fått partane til å endre på praksisen og avtalane sine for å oppnå betre konkurranse. Konkurransetilsynet har slik nådd målet om meir effektiv konkurranse utan at det har vore naudsynt å bestemme dette ved vedtak. Ein slik framgangsmåte kan spare både partane, tilsynet – og dermed samfunnet – for betydelege ressursar.

■ ■ Det overordna målet med forfølging av brot på lova er sjølv sagt å få partane til å endre åtfærd, og å få dei og andre til å avstå frå liknande åtfærd i framtida. Konkurransetilsynet har ulike sanksjonsmiddel som kan nyttast ved brot på forboda mot konkurranseavgrensande samarbeid og mot misbruk av dominerande stilling i konkurranselova §§ 10 og 11.

Etter konkurranselova § 12 kan tilsynet treffe vedtak om påbod om opphøyr. Det kan til dømes skje ved at tilsynet påbyr partane å slutte med ein bestemt type åtfærd eller praksis, eller at partane vert pålagte å endre ein avtale. Konkurransetilsynet kan òg treffe vedtak om gebyr for brot på lova eller straffeforfølgje partane i tråd med konkurranselova § 30.

MYKJE Å SPARE PÅ ENDRA ÅTFÆRD

Eit vedtak om pålegg om opphøyr, eventuelt i kombinasjon med lovbrotsgebyr, krev ofte ei omfattande sakshandsaming frå tilsynet si side. Partane bruker òg mykje tid og pengar både i form av interne ressursar og på bistand frå advokat eller andre rådgjevarar. Viss tilsynet kan få partane til å endre åtfærd i saker der det ikkje må gjevast lovbrotsgebyr, vil det kunne spare tilsynet og partane for store kostnader samanlikna med ressursbruken i eit eventuelt vedtak.

I 2007 handsama Konkurransetilsynet to saker om moglege brot på forboda i konkurranselova §§ 10 og 11, som vart avslutta med at partane endra åtfærd. Konkurransetilsynet vurderte det difor ikkje som naudsynt med ein vedtaksprosess. Den eine saka gjaldt utveksling av pris mellom daglegvarekjeder i regi av ACNielsen. Den andre gjaldt Microsoft sin bruk av rabattar i ramme- og samarbeidsavtalane med ei rekkje norske fylkeskommunar.

Sjølv om det ikkje vart fatta vedtak i dei to sakene, gjorde tilsynet ei grundig sakshandsaming for ACNielsen og Microsoft endra avtalane sine. Konkurransetilsynet vurderte grundig både faktum og dei faglege spørsmåla sakene reiste. Partane fekk sjølv sagt fremje sitt syn undervegs. Tilsynet presenterte så sine vurderingar og funn for partane, som deretter valde å endre sine avtalar og sin praksis i staden for ein mogleg vedtaksprosess.

Framgangsmåten som vart valt i ACNielsen- og Microsoft-sakene er kanskje særleg aktuell i saker kor det må gjerast kompliserte juridiske og økonomiske vurderingar, og i spørsmål som er meir eller mindre uavklarte både i Norge og i EU-konkurranseretten. Det må dessutan ikkje vere aktuelt med lovbrotsgebyr i saka. Sanksjons- og klagemoglegheit i eit vedtak må heller ikkje vurderast som avgjerande.

GJENTAKING VERT SANKSJONERT

Det må understrekast at tilsynet har høve til å treffe vedtak om pålegg om opphøyr sjølv om partane allereie har endra avtalar eller praksis, kor den ulovlege åtfærd såleis har opphøyr. Det kan til dømes vere aktuelt i saker der tilsynet fryktar at den ulovlege handlinga skal skje igjen. Ei gjentakning vil i så fall innebere brot på vedtaket som kan sanksjonast med lovbrotsgebyr og/eller straff. I ACNielsen- og Microsoft-sakene gjorde Konkurransetilsynet det klart at føresetnaden var at endringane i avtalar og praksis måtte overhaldast. Tilsynet peika på at brot på føresetnadene kunne innebere eit brot på konkurranselova sine forbod om konkurranseavgrensande samarbeid og misbruk av dominerande stilling i konkurranselova §§ 10 og 11, som igjen kan sanksjonast med lovbrotsgebyr eller straff.

DET ER RESULTATET SOM TEL – OGSÅ I FRAMTIDA

Erfaringane frå ACNielsen- og Microsoft-sakene inneber at Konkurransetilsynet òg i framtida vil vurdere om det rekk at partane endrar åtfærd utan at tilsynet må treffe vedtak i saka.

Europakommisjonen kan i konkurransesaker inngå ein avtale med partane om kva dei skal gjere, i staden for å bruke vedtak. Dersom partane bryt denne avtalen, kan Europakommisjonen gje føretaka betydelege bøter. Vi har ikkje nokon tilsvarande heimel til avtale og sanksjonar for eventuelle brot på ein slik avtale i Norge. Det gjer løysningar som i ACNielsen- og Microsoft-sakene særleg aktuelle.

Konkurransetilsynet har alltid ei større saksMengd enn vi har ressursar til å handsame fullt ut. Det inneber at Konkurransetilsynet – som andre tilsyn – må prioritere. Difor vil tilsynet ha fokus på å «det er resultatet som tel» òg i andre saker. Kor langt tilsynet kan og bør gå i å vere resultatorientert, må vurderast i lys av krava til sakshandsaming og klagemoglegheit, og behovet for klargjering i vedtak og høve til å sanksjonere ved brot på vedtak.

Av juridisk direktør
Jonn Ola Sørensen

**STRATEGISKE MÅL**

Konkurransetilsynet skulle i 2007 prioritere å

- 1) fremje konkurransen på detaljleddet
- 2) motverke utesting frå marknaden
- 3) ansvarleggjere daglegvarekjedene og leverandørane

RESULTATMÅL

For kvart av dei strategiske måla er det konkretisert tiltak. Dei prioriterte tiltaka er følgjande:

- Vurdere verknaden av utveksling av informasjon om daglegvaremarknaden
- Følgje opp enkeltsaker som gjeld moglege brot på forboda i konkurranselova
- Gjennomføre meldeplikt for daglegvarekjedene sine avtalar med dominerande leverandørar
- Halde årlege møter med daglegvarekjedene
- Motverke hindringar for at nye kjeder skal kunne etablere seg

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

- Endringar i informasjonsutvekslinga mellom kjedene
- Tine har fått bot for misbruk av dominerande stilling
- Meldeplikta verkar disiplinierende, og det er ikkje avdekket konkurranseskadelege avtalar mellom leverandørar og kjeder i 2007



TEMA: DAGLEGVARER



Kamp mot ulovleg utveksling av informasjon

I 2005 vart tilsynet merksam på at norske daglegvarekjeder hadde svært god informasjon om prisane til kvarandre. Etter at tilsynet tok dette opp med daglegvarekjedene, har den konkurranseskadelege rapporteringa av prisar vorte innstilt.

■ ■ Kvar veke har dei fire store norske daglegvaregrupperingane rapportert sine prisar inn til analysebyrået ACNielsen, som har samanstilt opplysningane og raskt rapportert tala attende til kjedene. På denne måten har daglegvarekjedene hatt tilgang til fersk og detaljert informasjon om prisane til kvarandre.

AVDEKKA ULOVLEG UTVEKSLING AV INFORMASJON

Prisrapportane synte mellom anna kva for prisar kvar av daglegvarekjedene tok innan eit avgrensa geografisk område. Dette er opplysningar som normalt ikkje vert utveksla mellom konkurrentar. Når slik detaljert informasjon raskt og enkelt vert tilgjengeleg, vert marknaden meir gjennomsiiktig for kjedene, slik at dei kan reagere raskt på prisendringar frå konkurrentane. På denne måten vert det mindre uvisse kring kva konkurrentane gjer, og det fører til

at konkurransen mellom kjedene vert dempa. Derfor kan utveksling av slik informasjon vere brot på forboda i konkurranselover mot samarbeid som svekkjer konkurransen.

Etter ein gjennomgang av avtalane mellom kjedene og ACNielsen, og ei vurdering av den rapporteringa som faktisk skjedde, kom Konkurransetilsynet til at dette truleg representerte brot på konkurranselover. Etter å ha blitt orientert om tilsynet sine vurderingar, valde partane sjølve å endre sine avtalar og sin praksis. Mellom anna vart rapporteringsperioden forlenga frå ei veke til fire veker, og rapporteringsfrekvensen vart redusert frå rapportering kvar veke til rapportering kvar fjerde veke. Det vert dessutan ikkje lenger rapportert prisar for kvar enkelt kjede, men berre ein pris for fleire daglegvarekjeder samla. Dermed vert informasjonen mindre detaljert og ikkje så fersk. Det gjer

den mindre eigna til å skade konkurransen. Det vil til dømes ikkje lenger vere mogleg å følgje prisendringane kvar veke hos kvar enkelt konkurrent ved hjelp av rapportane.

Den norske daglegvaremarknaden er kjenneteikna ved at fire landsdekkjande grupperingar står for meir enn 98 prosent av omsetnaden og at det er vanskeleg for nye å etablere seg. Konkurransetilsynet har lagt stor vekt på dette i vurderinga av kor skadeleg prisrapporteringa kan vere.

Tilsynet vart merksam på informasjonsutvekslinga i 2005, då tilsynet arbeidde med ein rapport om betaling for hylleplass i daglegvarehandelen.

BOT PÅ 45 MILLIONAR TIL TINE I SAKA MOT SYNNOVE FINDEN

■ ■ I februar 2007 gav tilsynet Tine eit gebyr på 45 millionar kroner for utilbørleg utnytting av dominerande stilling, og for å ha inngått samarbeid med skadelege verknader for konkurransen. Konkurransetilsynet konkluderte med at det var stor fare for at Tine sin einaste konkurrent i ostemarknaden, Synnøve Finden, ville bli pressa ut av marknaden. Vedtaket samsvarer med tilsynet sitt varsel om gebyr. Vedtaket er seinare brakt inn for domstolane.

LEVERINGSPLIKT FOR FINDUS

■ ■ Findus Norge fekk i mai 2007 kjøpe Gro Industrier, ein av konkurrentane i marknaden for blanding og pakking av frosne grønnsaker til daglegvaremarknaden. For å sikre konkurransen, sette Konkurransetilsynet som vilkår at Findus får plikt til å levere råvarer til eksisterande og eventuelle nye konkurrentar i marknaden. Findus kan ikkje levere til dårlegare vilkår enn det Gro gir i dag. Findus får òg ei plikt til å halde oppe leveransane av daglegvarekjedene sine egne merkevarer.

MANGE OPPKJØP AV DAGLEGVAREBUTIKKAR

■ ■ Auka konsentrasjon kan dempe konkurransen mellom daglegvarekjedene, både lokalt og nasjonalt. Gjennom fusjonskontrollen hand-sama tilsynet 46 oppkjøp i daglegvaremarknaden i 2007. Blant desse var Norgesgruppen sitt oppkjøp av ei regional daglegvarekjede, Drageset. I denne saka undersøkte tilsynet konkurransesituasjonen i ei rekkje lokale marknader, men kom til at oppkjøpet ikkje ville skade konkurransen merkbar i nokon av desse.

NORTURA MÅ LEVERE KYLLING TIL ALLE

■ ■ I desember 2007 fekk Nortura kjøpe Hå rugeri, som leverer daggamle kyllingar til slaktekyllingprodusentar. Nortura eig dermed to av dei tre rugeria i landet. Konkurransetilsynet sette som vilkår at Nortura leverer daggamle kyllingar til alle som etterspør det, og på like vilkår. Vedtaket vil gjere det lettare å etablere seg og ekspandere i marknaden for foredling og sal av kylling til daglegvarekjedene.

INNHALD:

- **DAGLEGVARER**
Side 7-10
- **TRANSPORT**
Side 11-14
- **MEDIA OG KOMMUNIKASJON**
Side 15-18
- **ENERGI**
Side 19-22
- **BANK OG FORSIKRING**
Side 23-26
- **KONKURRANSE OG INNOVASJON**
Side 27-32
- **INTERVJU / STEINAR STRØM**
Side 30-31
- **INTERNASJONALT**
Side 33-36

EFFEKTIV KONKURRANSE I LUFTFARTEN ER EIN FØRESETNAD FOR Å FÅ NED CO₂-UTSLEPPA FRÅ FLYREISER.



TEMA: TRANSPORT

Konkurranse i luftfarten – eit miljøproblem?

Låge flyprisar fører til auka trafikk og større belastning på miljøet. Er det fornuftig å løyse dette problemet med å slakke på konkurransepolitikken overfor luftfarten?

■ ■ Luftfartsmarknaden har lenge vore i fokus for Konkurransetilsynet. Marknaden har vore gjenstand for store omveltingar både nasjonalt og internasjonalt dei siste åra.

FRÅ HISTORISK DYRE FLYBILLETTAR TIL LÅGPRIS

På slutten av 90-talet hadde vi tre flyselskap i Norge: SAS, Braathens og Color Air. Color Air sitt korte liv på den norske marknaden tok brått slutt i 1999. I 2001 førte Braathens sine problem til fusjonen mellom SAS og Braathens, og vi sto i praksis igjen med ein monopolmarknad.

På dette tidspunktet var også norske flyprisar på eit historisk toppnivå. Konkurransetilsynet såg det som ei viktig oppgåve å leggje til rette for meir konkurranse på den innanlandske flymarknaden. På bakgrunn av dette vedtok Konkurransetilsynet i mars 2002 å forby opptening av bonuspoeng på innanlandsruter.

Like etter dette vedtaket var gjort, annonserte Norwegian Air Shuttle at dei var klare for den norske marknaden, og selskapet starta flygingar i september 2002. Deretter følgde SAS Braathens opp og lanserte ein ny lågprisstrategi i 2003.

Saman med andre hendingar førte denne utviklinga til at norske flyprisar gjekk ned til eit langt lågare nivå enn vi har sett nokon gong tidlegare, ein situasjon som har vart fram til i dag. Utviklinga vi har sett innanfor luftfartsmarknaden har altså ført til sunnare konkurranse og lågare flyprisar til glede for norske forbrukarar og bedrifter.

MEIR REISING AUKAR CO₂-UTSLEPPA

I det siste har enkelte vore uroa for at utvik-

linga kanskje har gått for langt. Låge flyprisar fører utvilsamt til at publikum reiser meir, og meir flytrafikk fører til auka CO₂-utslepp. Slik sett kan ein varte freista til å argumentere for at Konkurransetilsynet har vore med på å auka miljøproblema gjennom å leggje til rette for auka konkurranse i luftfartsmarknaden. Gitt at CO₂-utslepp inneber ein samfunnsøkonomisk kostnad – ville det ikkje ha vore ønskeleg med mindre konkurranse for på denne måten å auka flyprisane slik at folk reiste mindre?

Spørsmålet ein eigentleg stiller med dette, er om tildeling av marknadsmakt er ein effektiv og fornuftig måte å løyse miljøproblemet på. For å svare på spørsmålet, må ein vite kva som kjenneteiknar bedrifter med marknadsmakt utover det at dei set høge prisar.

Den viktigaste skilnaden mellom bedrifter med tydeleg marknadsmakt og bedrifter utsette for sunn konkurranse, er at dei førstnemnde har svake insentiv til å drive kostnadseffektivt. Dette gir seg dels utslag i direkte sløsing, det vil seie at monopol driv med høgare kostnader enn det som strengt tatt er naudsynt. Sagt på ein annan måte vil monopol normalt leggje beslag på ein større del av samfunnet sine ressursar for å produsere ei viss mengd, enn ei tilsvarande bedrift utsett for hard konkurranse.

Eit anna trekk med vernande monopol er at vi veit at desse er tregare enn meir konkurranseutsatte bedrifter med å konkurranseutsette bedrifter. Grunnen til dette er det som ofte vert kalla for erstatningseffekten. Ideen bak denne er at dersom ein monopolist investerer i ein meir effektiv teknologi, vil han berre erstatte seg sjølv med ein meir effektiv variant. Ei bedrift i konkurranse, derimot, kan potensielt

ha store gevinstar av å bli meir effektiv enn konkurrentane sine, fordi han då kan vinne marknadsdeler.

Desse skilnadene i eigenskapar mellom monopolbedrifter og konkurranseutsette bedrifter har nokre viktige implikasjonar for miljøpolitikken. Målet for miljøpolitikken bør vere å oppnå dei miljømessige gevinstane ein er ute etter – til ein så låg kostnad som mogleg.

Det siste inneber at vi har som mål at miljøpolitikken skal vere effektiv, og grunnen er sjølvsagt at samfunnet har andre uløyste oppgåver som vi også ønskjer å bruke ressursar på. Har ein gått med på dette, følgjer det automatisk at ein effektiv miljøpolitikk fordrar konkurranse og dermed effektiv handheving av konkurranselover.

LÅGARE CO₂-UTSLEPP KREV KONKURRANSE

Vil vi redusere CO₂-utsleppa frå luftfarten på ein effektiv måte, må dette skje innanfor ramma av ein marknad med sunn konkurranse mellom ulike flyselskap. Vi veit at regjeringa tek sikte på å nå miljømåla gjennom ein nasjonal kvotemarknad for CO₂. Det betyr at flyselskapa kan kjøpe CO₂-kvoter i ein nasjonal marknad.

Eit effektivt system for omsetjelege CO₂-kvoter sørger for at miljømålsetjinga for samfunnet sitt samla CO₂-utslepp kan verte nådd. Kostnadane knytte til kjøp av CO₂-kvoter sørger for at prisane på flyreiser no vil gå opp. Det viktige er likevel at konkurransen mellom ulike flyselskap vil sørge for at bedriftene vil prøve å skjerme seg frå kostnadsauken gjennom å investere i meir energieffektive fly.

STRATEGISKE MÅL

Konkurransetilsynet har i 2007 hatt som målsetjing å fremje konkurransen i transportmarknadene.

RESULTATMÅL

Dei viktigaste resultatmåla for 2007 har vore å

- sjå til at konkurransen i luftfarten vert oppretthalden
- medverke til at det vert lagt til rette for auka konkurranse i drosjenæringa

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

- Utgreiing av eit generelt forbod mot bonusopptening i innanriks luftfart
- Forbod mot fusjonen mellom Trøndertaxi og Sør-Trøndelag Taxi
- Forslag til fylkeskommunane om tiltak for korleis løyvepolitikken kan bidra til å leggje til rette for auka konkurranse i drosjenæringa
- Forbod mot samarbeid om ekspressbussruta Kystbussen
- Avslag på klaga frå Fjord Line om Color Line si vestlandsrute
- Oppfordring til konkurranse mellom lufthamner i det sentrale austlandsområdet
- Departementet si stadfesting av Konkurransetilsynet sitt forbod mot Falck sitt oppkjøp av Viking Redningstjeneste

Dette betyr at for eit gitt utsleppsmål vil vi som samfunn få fleire flyreiser til ein lågare ressursinnsats under konkurranse enn det vi vil få gjennom å løyse problemet med monopolisering.

Effektiv konkurranse i luftfarten er altså ein føresetnad for ein effektiv miljøpolitikk i luftfartsnæringa.

Av sjeføkonom
Tommy Staahl Gabrielsen



TEMA: TRANSPORT



I 2007 hadde tilsynet ei rekkje saker om drosjenæringa til handsaming. Sakene gjaldt både endring av reguleringar og klager på mogleg ulovleg konkurransehemmande samarbeid.

■ ■ Konkurransen mellom drosjesentralane er nautsynt for å kunne gjennomføre anbodskonkurranse om drosjetransport. Drosjenæringa i Norge omsette ifølgje Statistisk sentralbyrå for totalt 6,35 milliardar kroner i 2005. Ein vesentleg del av drosjenæringa si inntening kjem frå kontrakt- og anbodskøyring, der pasienttransport utgjer ein stor del. Konkurransetilsynet har motteke fleire klager på mogleg ulovleg samarbeid i samband med anbod på pasienttransport. Klagene er til handsaming.

VIL GJERE DET ENKLARE FOR DROSJEKUNDANE Å VELJE

I samarbeid med forbrukarmyndigheitene og drosjenæringa jobbar Konkurransetilsynet for å få betre prisopplysning i bransjen. Målet er å gjere drosjekundene betre i stand til å ta rasjonelle val. Tiltak som vert vurderte er betre prisopplysning på haldeplass, i bilane og på Internett.

Etter oppmoding frå Norges Taxiforbund vurderer Konkurransetilsynet òg å endre takstsystemet ved å innføre såkalla «parallelltakst». Ifølgje Norges Taxiforbund vil det nye takstsystemet gjere det lettare å finne fram til

FORBOD MOT BONUSOPPTENING I INNANRIKS LUFTFART

■ ■ Konkurransetilsynet sitt vedtak frå 2002 om forbod mot SAS-gruppa sitt bonusprogram i norsk innanriks luftfart gjekk ut i august 2007. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vedtok 20. juni 2007 ei forskrift som forbyr opptening av bonuspoeng for all innanriks luftfart. Forskrifta tok til å gjelde 1. august 2007. Før vedtaket vart fatta, gjorde Konkurransetilsynet ei utgreiing for departementet som anbefalte eit generelt forbod mot bonusopptening.

Vil styrkje konkurransen i drosjemarknaden


og kontrollere drosjetakstane. Konkurransetilsynet tek sikte på å ferdighandsame saka i 2008.

DROSJENÆRINGA STERKT REGULERT

Den sterke reguleringa av drosjenæringa inneber mellom anna at ansvaret mellom ulike offentlege styresmakter er sterkt fragmentert. Som løyvemyndigheit er fylkeskommunane gitt vid fullmakt til å bestemme korleis drosjenæringa skal organiserast i det enkelte løyvedistrikt. Det vil ha positive konkurranseverknadar viss fylkeskommunen legg til rette for etablering av fleire konkurransedyktige drosjesentralar i kvart distrikt. I januar 2007 oppfordra Konkurransetilsynet alle fylkeskommunar i landet til å treffe tiltak for å styrkje konkurransen mellom drosjesentralar. Etter å ha motteke svar frå fylkeskommunane, la Konkurransetilsynet fram fleire konkrete tiltak i eit nytt brev i september 2007.

Konkurransetilsynet har i oppgåve å fastsetje maksimale drosjetakstar, jf. forskrift om maksimalpris for køyring av drosjebil. Det er gjort unntak frå maksimalprisforskrifta for køyring med drosje i dei fleste større norske byane og i

enkelte andre tettbygde strøk der forholda ligg til rette for tilstrekkeleg konkurranse. Tilsynet hadde på slutten av 2007 søknader om unntak frå forskrifta for ytterlegare to område til handsaming. Den eine er venta avgjort tidleg i 2008 og den andre i løpet av første halvår 2008.



Figur: Kartet viser områda med konkurranseprisar som er unntatte maksimalprisforskrifta.

ANDRE VIKTIGE SAKER

- ■ Forlik mellom Konkurransetilsynet og SAS i Coast Air-saka
- ■ Forbod mot samarbeid om ekspressbussruta Kystbussen
- ■ Avslag på klage frå Fjord Line om Color Line si vestlandsrute
- ■ Oppfordrar til konkurranse mellom lufthamner i det sentrale austlandsområdet
- ■ Departementet stadfester Konkurransetilsynet sitt forbod mot oppkjøpet til Falck av Viking Redningsteneste

GREIP INN MOT TAXIFUSJONEN I TRØNDELAG

■ ■ I februar 2007 greip Konkurransetilsynet inn mot fusjonen mellom Trøndertaxi AS og Sør-Trøndelag Taxi AS. Tilsynet si grunngeving for å forby fusjonen var at den ville forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i drosjemarknaden i Sør-Trøndelag. Spesielt var det konkurransesituasjonen for kontraktar om pasienttransport som ville bli forverra.

TV-MARKNADEN ER I EI RIVANDE UTVIKLING. TILSYNET VIL OVERVAKE SITUASJONEN NØYE FRAMOVER FOR Å SIKRE GOD KONKURRANSE.



INNHALD:

- DAGLEVARER Side 7-10
- TRANSPORT Side 11-14
- MEDIA OG KOMMUNIKASJON Side 15-18
- ENERGI Side 19-22
- BANK OG FORSIKRING Side 23-26
- KONKURRANSE OG INNOVASJON Side 27-32
- INTERVJU / STEINAR STRØM Side 30-31
- INTERNASJONALT Side 33-36

TEMA: MEDIA OG KOMMUNIKASJON

Overvaker TV-marknader i endring

TV-marknaden er i stor endring. Forbrukarane nyt godt av stadig nye og betre produkt. For å sikre velfungerande konkurranse i framtida, må Konkurransetilsynet ha god kunnskap om og overvake utviklinga i marknaden nøye.

■ ■ Kringkastingselskap er avhengige av distribusjon for å kunne formidlast til sjåarane. Kommersielle kringkastingselskap finansierer verksemda med annonseinntekter og sjåarinntekter. Annonseinntekta er mellom anna avhengig av talet på sjåarar i den aktuelle kanalen. Det same gjeld for sjåarfinansiering, der det er talet på betalande sluttbrukarar, samt prisen desse betaler, som avgjer inntekta. Såleis vil det for kommersielle kringkastingselskap vere avgjerande å inngå distribusjonsavtaler som sikrar finansieringsgrunnlaget.

RASK ENDRING GIR NYE UTFORDRINGAR
Distributørar ønskjer å inngå distribusjonsavtaler med kringkastarar for å tiltrekke kundar til sine produkt. Såleis har kringkastarar og distributørar samanfallande interesser. Med ei rekkje ulike TV-kanalar og fleire alternative distribusjonsplattformer, vil distribusjonsavtaler vere viktige for både kringkastarar og distributørar.

Kringkastarane konkurrerer om å lage dei beste TV-kanalane, medan distributørane konkurrerer om å tilby den beste distribusjonsløyninga til kringkastarane og det beste kanalutvalet til sluttbrukarane. Enkelte kringkastarar har betre produkt enn andre og stiller såleis sterkare i forhandlingane med distributørane. Tilsvarande vil distributørar som kan tilby attraktive distribusjonsløyningar stille sterkt i forhandlingane med kringkastarane. Både internasjonalt og i Norge har det i samband med distribusjon av TV-kanalar vore nytta eksklusive distribusjonsavtaler. Slike eksklusivavtaler kan påverke konkurransen mellom kringkastarane, distributørar og det produktet som forbrukarane får tilbod om.

EKSKLUSIVE DISTRIBUSJONS- AVTALER UNDER LUPA

Konkurransetilsynet har tidlegare handsama

saker om eksklusiv distribusjon. I lys av endringane i TV-marknadene, ser Konkurransetilsynet det som særskilt viktig å vurdere potensielle verknader av slike avtaler. Konkurransetilsynet bestilte ei utgreiing frå professorane Hans Jarle Kind, Guttorm Schjelderup og Lars Sørgard ved Norges Handelshøyskole for å få lyst opp moglege verknader av eksklusive distribusjonsavtaler. I samband med det ønska tilsynet å vurdere ulike marknadsmekanismar som taler for eller mot at aktørane i marknaden vil anvende eksklusive distribusjonsløyningar. Hovuddelen av utgreiinga fokuserer såleis på korleis kringkastarane og distributørane rasjonelt vil handle for å oppnå maksimal profitt. Vurderingane er gjort med utgangspunkt i at forhandlingane skjer mellom ein dominerande kringkaster eller TV-kanal og to aktuelle distributørar.

Resultatanalysen er i utgreiinga brukt på situasjonen kor TV 2 vel å sende eksklusivt over satellitt på anten Canal Digital eller Viasat. Utgreiinga vurderer kvifor det er aktuelt å nytte eksklusiv distribusjon i ein slik situasjon og om sluttbrukarane er tent med løyninga.

Verknaden av eksklusivavtala mellom TV 2 og Canal Digital har truleg vore redusert konkurranse og høgare prisar for sjåarane. I lys av at denne eksklusiviteten har vore negativ, er det positivt at Canal Digital og Viasat har samarbeida om å utveksle dei norske kanalane, slik at sjåarar på bae plattformar kan få tilbod om å sjå desse. Tilsynet har difor ikkje ønska å gripe inn mot samarbeidet mellom Canal Digital og Viasat. Det er også positivt at TV 2 no har inngått ei avtale om distribusjon med både Canal Digital og Viasat. Ein breiare distribusjon av TV 2 på satellitt vil opne for hardare konkurranse og lågare prisar for sjåarane. Dette er særskilt viktig no når det digitale bakkenettet kjem på plass.

VERTIKALE OG HORISONTALE EIGARSKAP

Utgreiinga ser òg på korleis konkurransen vert påverka av at kringkastarar vel å produsere distribusjonstenester i tillegg til kringkastingsstenester og at distributørar også produserer innhaldstenester som kringkastar. Utgreiinga ser òg på tydinga av at eit foretak er inne på eigarsida i fleire distribusjonsplattformer.

FRAMTIDA

TV-marknadane er i ei rivande utvikling, kor nye aktørar og produkt ser dagens lys kontinuerleg. Konkurransen er også prega av enkelte sterke aktørar både på kringkastings- og distribusjonssida. Distribusjonen av dei viktigaste norske kanalane på begge satellittplattformane og etableringa av det digitale bakkenettet sikrar eit godt grunnlag for konkurranse mellom kringkastarar og distributørar framover. For at denne utviklinga skal fortsetje, er det viktig at Konkurransetilsynet følgjer marknadsutviklinga nøye òg i framtida. Utgreiinga gir Konkurransetilsynet eit godt utgangspunkt og ein nyttig reiskap for vidare arbeid knytt til TV-marknadane.

LES MEIR: Utgreiinga kan lesast i sin heilskap på www.konkurransetilsynet.no.

Av rådgjevar
Claus Holm Isaksen



STRATEGISK MÅL

Konkurransetilsynet skal etablere eit godt analysegrunnlag for å forstå konkurranse-situasjonen og mekanismane i tv-marknaden.

RESULTATMÅL

Konkurransetilsynet skal gjennomføre ei utgreiing som sikrar eit godt grunnlag for tilsynet sine vidare analysar av konkurransen i TV-marknadene. Utgreiinga skal også betre forståinga av kva mekanismer som gjer at aktørar vel å bruke eksklusive distribusjonsavtaler.

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

Ei utgreiing blei gjennomført hausten 2007 av professorane Hans Jarle Kind, Guttorm Schjelderup og Lars Sørgard ved Norges Handelshøyskole. Tilsynet innhenta òg eit stort informasjonsgrunnlag og gjennomførte ei rekkje møter med både distributørar og kringkastarar. Analysane utført i utgreiinga og i den innhenta informasjonen, gir eit godt grunnlag for Konkurransetilsynet sitt arbeid med marknaden i 2008.



TEMA: MEDIA OG KOMMUNIKASJON



Sette strenge vilkår for Media Norge-fusjonen

Konkurransetilsynet mottok i januar 2007 melding om ein fusjon mellom fire større aviser og eit trykkeri i fellesforetaket Media Norge ASA. Schibsted var kontrollerande eigar. Konkurransetilsynet sette strenge vilkår for å godta føretakssamanslutninga.

Fusjonspartane, Aftenposten AS, Stavanger Aftenblad ASA, Fædrelandsvennen AS, Fædrelandsvennen Trykkeri AS og Bergens Tidende AS viste til at dei som mediekonsern møter ei rekkje utfordringar. Opplagstala for papiravisene fell, vidare kjem det til stadig nye søkbare nyheitsportalar utan egne nyheitsredaksjonar, som utfordrar nettavisene. Partane ønska å slå seg saman for å kunne utvikle produkt som var betre eigna til å møte utfordringane enn dei ville klart kvar for seg. Partane i fusjonen var alle eigarar av store mediehus, med verksemdar som spenner frå utgjeving av papir og nettavis til drift av lokalradio og lokal-TV.

Tilsynet vurderte at samanslutninga kunne påverke konkurransen i ei lang rekkje marknader. Tilsynet gjorde difor ein inngående analyse for å identifisere kva marknader som ville verte påverka av samanslutninga. Analysen såg

og på dei potensielle verknadene samanslutninga ville kunne ha på konkurransen. I samband med analysen heldt Konkurransetilsynet ei lang rekkje møter med aktørar i bransjen og innhenta store mengder informasjon om marknadene.

VILLE SKADE TRYKKERIKONKURRANSEN
Konkurransetilsynet fann at føretakssamanslutninga ville føre til – eller forsterke – ei vesentleg avgrensing av konkurransen i marknaden for trykking av riks- og større regionaviser på Sør- og Vestlandet. Gjennom samanslutninga fekk Media Norge kontroll over trykkeria til Bergens Tidende, Fædrelandsvennen og Stavanger Aftenblad. Media Norge ville mellom anna få kontroll over trykkinga av Dagbladet – VG sin største konkurrent. I Vest-Agder og Sør-Rogaland overtok Media Norge kontrollen over dei tidlegare konkurrerande trykkeria til

Fædrelandsvennen og Stavanger Aftenblad. På bakgrunn av dette sette Konkurransetilsynet ei rekkje vilkår som sikra noverande og framtidige kundar levering av trykkeritjenester. Media Norge måtte vidareføre noverande avtaler om trykking av riks- og større regionaviser med dei kundane som ønskte det. Eventuelle nye kundar skal få tilbod om trykking på same vilkår som eksisterande kundar. Tilsynet sette òg vilkår for å hindre misbruk av konkurransesensitiv informasjon. Vilkåra motverka konkurranseproblema som følgde av samanslutninga. For at kundar skulle sikrast leveransar i tilstrekkeleg lang tid framover, vil vedtaket gjelde i 10 år.

Les meir:

Vedtaket kan lesast i sin heilskap på www.konkurransetilsynet.no.

TELENOR KJØPTE TALKMORE

I juli 2007 kjøpte Telenor Mobil AS det uavhengige mobilskilskapet Talkmore. Konkurransetilsynet fann ikkje grunnlag for å gripe inn. Tilsynet la særleg vekt på Telenor sine fallende marknadsdelar dei siste åra, Talkmore sin vesle storleik, det høge talet operatørar i marknaden og fallande prisar. I grossistmarknaden blei det teke omsyn til at Network Norway og Tele2 inngjekk eit omfattande samarbeid om utbygging av eit eige mobilnett. Etter tilsynet si vurdering er konkurransen i mobilmarknaden ikkje optimal, men oppkjøpet medførte ikkje endringar som gav grunnlag for inngrep etter konkurranselova.

TETT SAMARBEID MED POST- OG TELETILSYNET

Konkurransetilsynet samarbeider med Post- og teletilsynet for å sikre nye aktørar og teknologiar vilkår som gjer det mogleg å konkurrere. Konkurransetilsynet og Post- og teletilsynet har hatt fleire kontaktmøte i 2007. Vidare er Konkurransetilsynet høyringsinstans i samband med Post- og teletilsynet sitt arbeid med marknadstilsyn.

CAPPELEN OG DAMM FUSJONERTE

Forlagshusa slo seg saman og oppretta fellesforetaket Cappelen Damm AS. Konkurransetilsynet fann ikkje grunnlag for å gripe inn mot fusjonen. Sjølv om partane i enkelte bokgrupper kvar for seg ville få ein høg marknadsdel, tilsa ei heilskapsvurdering, med vekt på blant anna konkurrentane sine responsmoglegheiter, at samanslutninga ikkje førte til eller forsterka noko vesentleg avgrensing av konkurransen.

2007 PREGA AV STRUKTURENDRINGAR

Året som gjekk var prega av strukturendringar i tele-, medie- og forlagsbransjen. Det digitale bakkenettet vart sett i drift og gav sluttbrukarane ein ny distribusjonsplattform som kan levere kringkastingsignal i konkurranse med eksisterande plattformer. Hausten 2007 vart Network Norway og Tele2 samde om å byggje eit tredje mobilnett i Norge gjennom selskapet Mobile Norway.

INNHALD:

- **DAGLEVARER**
Side 7-10
- **TRANSPORT**
Side 11-14
- **MEDIA OG KOMMUNIKASJON**
Side 15-18
- **ENERGI**
Side 19-22
- **BANK OG FORSIKRING**
Side 23-26
- **KONKURRANSE OG INNOVASJON**
Side 27-32
- **INTERVJU / STEINAR STRØM**
Side 30-31
- **INTERNASJONALT**
Side 33-36

DET ER AVGJERANDE AT FORBRUKARANE KAN STOLE PÅ KRAFTPRISOVERSİKTA. DIFOR VIL TILSYNET STRAFFE LEVERANDØRAR SOM GIR URIKTIGE OPPLYSNINGAR.



TEMA: ENERGI

Framleis utfordringar i kraftmarknaden

Kraftmarknaden i Norge fungerer godt samanlikna med dei fleste andre europeiske land. Likevel står det att fleire viktige utfordringar før vi har effektiv og sunn konkurranse i marknaden.

■ ■ Det går fram av dei nordiske konkurransemyndigheitene sin rapport «Capacity for Competition». Den viser at kraftmarknaden framleis er prega av høg eigarskapskonsentrasjon, kryss eigarskap og felleseigde kraftverk. Konsentrasjonen har auka dei seinare åra. Overføringskapasitet og forbrukarane si priskjensle er òg ei utfordring. Samstundes er konkurransesituasjonen betre enn i mange europeiske land. Problema i energisektoren i Europa relaterer seg blant anna til høg grad av marknadskonsentrasjon, vertikal integrasjon og mangel på transparens.

TILSYN MED KRAFTMARKNADEN

Utfordringar i den norske kraftmarknaden vert òg vurdert i ESA sin rapport om forholda i elektrisitetsektoren i EFTA-landa. Rapporten peikar på at den høgare graden av marknadskonsentrasjon i Norge og den stadig sterkare marknadsposisjonen til Statkraft verkar konkurranseavgrensande. ESA peikar også på andre utfordringar som usikkerheita i statlege rammevilkår for nye investeringar i infrastruktur, regulering av offentleg eigarskap i samband med vasskraftproduksjon (heimfallsretten) og spesielle ordningar for kraftkrevjande industri.

Konkurransetilsynet overvakar konkurransen i kraftmarknaden, og har som oppgåve å gripe inn mot konkurranseskadelege strukturendringar og åtferd. Tilsynet og dei andre nordiske konkurransemyndigheitene utarbeidde i 2007 ein rapport om dei viktigaste utfordringane i kraftmarknaden og moglege tiltak i sektoren. Tilsynet samarbeider med andre nordiske konkurransemyndigheiter i saker om kraftmarknaden. Myndigheitene rådgjev kvarandre i viktige saker og utvekslar informasjon om sentrale problemstillingar.

Som ledd i arbeidet med å avdekke eventuelt misbruk av marknadsmakt i engrosmarknaden, samarbeider tilsynet med NVE om å undersøkje prisutviklinga i engrosmarknaden. Marknaden vert mellom anna overvaka ved hjelp av ulike prisindikatorar. Avvik i prisindikatorane vert undersøkt nærmare.

MELDEPLIKT FOR STATKRAFTALLIANSEN

For å kunne føre effektivt tilsyn med konkurransen i marknaden, ga Konkurransetilsynet i 2007 Statkraftalliansen ei utvida meldeplikt for tileigning av alle delar av selskap i alliansen. Tilsynet nyttar i tillegg eit eige verktøy for å overvake eigarforholda i kraftbransjen.

POPULÆR KRAFTPRISOVERSIKT

Tilsynet har som mål at konkurransen i sluttbrukarmarknaden for kraft skal fungere effektivt. Eit viktig tiltak er kraftprisoversikta som er tilgjengeleg på www.konkurransetilsynet.no. Formålet med oversikta er at privatpersonar på ein enkel måte skal kunne samanlikne prisar og velje den billigaste kraftleverandøren. Oversikta gir berre prisar for standard kontrakt utvikla i samarbeid med forbrukarmyndigheitene. Konkurransetilsynet si kraftprisoversikt vart i 2007 mykje brukt av norske straumkundar.

TILLIT ER EIN FØRESETNAD FOR EFFEKTIV KONKURRANSE

Det er viktig at konkurransen i sluttbrukarmarknaden for kraft fungerer effektivt og at forbrukarane har tillit til prisoversikta. Konkurransetilsynet legg vekt på at informasjonen om kraftprisar og vilkår som vert rapportert inn av leverandørane og publisert i kraftprisoversikta, er korrekt. Tilsynet ga difor kraftselskapet B2C Energy eit lovbrotsgebyr på 60 000 kroner i 2007 for å ha gitt uriktige eller ufullstendige opplysningar til tilsynet.

NORSK PRAKSIS I STRID MED EØS-AVTALEN

I slutten av juni 2007 avgjorde EFTA-domstolen at Norge si praktisering av heimfallsreglane var i strid med EØS-avtalen. Seinare på hausten vedtok regjeringa ei provisorisk lovføresegn om heimfall. Lovføresegna slo fast at offentleg eigarskap til vasskraftressursane på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå skal vidareførast, og at det ikkje lenger vil verte gitt konsesjonar til private for tileigning av vassfall og kraftverk. Private kan framleis eige inntil ein tredel av offentleg eigde vasskraftverk. Konkurransetilsynet vil vurdere konkurranse-relaterte verknader av lovforslaget når det vert sendt på høyring, truleg i byrjinga av 2008.

FRAMTIDIGE UTFORDRINGAR

Konkurransetilsynet vil i 2008 oppretthalde eit aktivt tilsyn med konkurransen i kraftmarknaden for å hindre misbruk av marknadsmakt og konkurranseavgrensande samarbeid. Konsentrasjonsnivået i marknaden skal også overvakast aktivt. Gjennom året vil Konkurransetilsynet dessutan halde fram arbeidet med å kartlegge kraftmarknaden og utgreie moglege tiltak for å betre konkurransesituasjonen.

Av seksjonsleiar
Ingunn Bruvik



STRATEGISKE MÅL

1. Føre eit aktivt tilsyn med konkurransen i ulike marknader
2. Hindre misbruk av marknadsmakt og monopoldanning
3. Følgje opp konkurransen i lokale marknader

RESULTATMÅL

- Undersøke utviklinga i den nordiske kraftmarknaden
- Gjennomføre overvaking av kraftmarknaden saman med andre myndigheiter
- Følgje opp enkeltsaker som gjeld moglege brot på forboda i konkurranselover

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

- Kartlagt utviklinga i kraftmarknaden og gitt råd om tiltak for å betre konkurransen
- Marknadsovervaking disiplinerte – det er ikkje avdekt misbruk av dominerande stilling i 2007
- Statkraft si meldeplikt vart oppretthalden – låg konsentrasjonsauke i marknaden
- Inngrep mot Shell si overtaking av YX-stasjonar i lokale marknader



TEMA: ENERGI



Nordisk kraftrapport peikar på utfordringar

Konkurransetilsynet leia i 2007 ei nordisk arbeidsgruppe som gav ut rapporten **Capacity for Competition om utviklinga og utfordringar i kraftmarknaden**. Rapporten viser at sjølv om den nordiske kraftmarknaden fungerer bra, er marknadskonsentrasjon, overføringskapasitet og forbrukarane si priskjensle framleis ei utfordring.

■ Rapporten viser at den nordiske kraftmarknaden framleis er på nokre få, sterke hender. Eigarkonsentrasjonen vert forverra av utbreidd krysseigarskap og felleseigde kraftverk. Fusjonar og oppkjøp har omfatta fleire av dei store aktørane i den nordiske marknaden. I Norge har Statkraft styrka posisjonen etter at regjeringa gjorde om Konkurransetilsynet sine vedtak i sakene om oppkjøp av Agder Energi og Trondheim Energiverk.

VIL REDUSERE OMFANGET AV FELLESEIGE

Når store og konkurrerende kraftprodusentar eig kraftverk saman, aukar risikoen for utveksling av sensitiv informasjon og svekka konkurranse. Tilliten til kraftmarknaden vert også svekka. Faren stig for at leiande kraftprodusentar kan påverke tilbodet og prisnivået i marknaden. Dei nordiske konkurransemyndighetene går difor inn for å redusere omfanget av krysseigarskap og felleseige.

For at kraftmarknaden skal fungere tilfredsstillande, må overføringskapasiteten mellom dei nordiske landa styrkast. Dei nordiske systemoperatørane har vedteke fem hovudprosjekt som er støtta av dei nordiske konkurransemyndighetene. I tillegg tilrår rapporten at systemoperatørane bør betre utnyttinga av kapasiteten.

LÅGARE PRISAR KREV MEDVITNE KUNDAR

Konkurransen kan berre fungere effektivt dersom kundane er følsame for prisendringar og nyttar høvet til å byte leverandør viss prisane er forskjellige. Sjølv spotpriskontraktar har eit visst tidsetterslep fordi dei er basert på månadleg pris på Nord Pool Spot. Konkurransetilsynet støttar regjeringa sitt forslag om å innføre tovegskommunikasjon for alle straumbukarar. Innføring av timesmåling, laupande prisinformasjon og nye kontraktar kan styrkje konkurransen i marknaden og presse prisane nedover, ettersom kundane vil bli tydeleg meir følsame for prisendringar.

For å oppnå sunn konkurranse i kraftmarknaden, må alle som leverer kraft få tilgang til overførings- og distribusjonsnetta på like vilkår. Naudsynt informasjon frå nettselskapa, for eksempel om straumkundane, må vere tilgjengeleg for alle leverandørar samtidig. I 2006 kom reglar om at selskap som driv både nett og kraftomsetning, og som har over 100 000 nettkundar, må organisere dei to aktivitetane i ulike selskap. Konkurransetilsynet finn at kravet ikkje er nok til å sikre at nettselskapa opptre nøytralt. Difor tilrår rapporten eit påbod om fullstendig eigarskapskilje mellom monopol- og konkurranseutsett verksemd. Som eit minimum bør kravet om juridisk skilje mellom verksemdene også gjelde for selskap med færre enn 100 000 nettkundar.

NORSKE SHELL OG YX ENERGI TILLATE PÅ VILKÅR

■ Norske Shell meldte hausten 2007 om overtaking frå YX Energi Norge av kontroll over sal av drivstoff frå 92 bensinstasjonar i Norge. YX ville behalde sine resterande stasjonar, og avtalen endra ikkje kontroll over sal av kioskvarear på stasjonane. Tilsynet sine undersøkingar viste at konkurransen i marknaden for sal av drivstoff skjer lokalt, og at konkurransen ville svekkjast lokalt i Egersundsområdet og i Fåvang. Samanslutninga blei difor tilleten på vilkår om at Shell ikkje fekk overta éin stasjon på Fåvang og éin stasjon i Egersundsområdet.

B2C ENERGY SKJULTE GEBYR – VART STRAFFA

■ I januar 2007 fjerna Konkurransetilsynet B2C Energy frå kraftprisoversikta etter at NVE berre gav selskapet ei tidsavgrensa forlenging av omsetningskonsesjonen. I mars ga tilsynet B2C Energy eit lovbrotsgebyr på 60 000 kroner for å ha innrapportert uriktige eller ufullstendige opplysningar om prisar og vilkår til kraftprisoversikta. Bakgrunnen for gebyret var at B2C Energy ikkje opplyste om eit gebyr kunden måtte betale i tillegg til fastbeløpet, slik at prisane til B2C Energy i oversikten såg lågare ut enn dei faktisk hadde vore.

INNHALD:

- **DAGLEGVARER**
Side 7-10
- **TRANSPORT**
Side 11-14
- **MEDIA OG KOMMUNIKASJON**
Side 15-18
- **ENERGI**
Side 19-22
- **BANK OG FORSIKRING**
Side 23-26
- **KONKURRANSE OG INNOVASJON**
Side 27-32
- **INTERVJU / STEINAR STRØM**
Side 30-31
- **INTERNASJONALT**
Side 33-36

5

DET HAR VORTE ENKLARE OG BILLEGARE FOR FORBRUKAREN Å SKIFTE BANK OG FORSIKRING, MEN KONKURRANSEN I FINANSMARKNADEN SKAL BLI ENDÅ BETRE.



TEMA: BANK OG FORSIKRING

Fokus på kundane i finansmarknadene

Konkurransen i ein marknad har to sider: etterspurnadssida og tilbodssida. Konkurransetilsynet har dei siste åra retta fokuset på etterspurnadssida, altså forhold som påverkar korleis kundane ter seg i marknaden.

■ Kundane si priskjensle spelar ei særleg viktig rolle for konkurransen i ein marknad. Den påverkar både konkurransen mellom eksisterande aktørar og insentiva til nyetablering på tilbodssida. Viss kundane er flinke til å byte tilbydar når det kjem eit nytt og betre produkt, vil risikoen ved nyetablering reduserast. Samstundes pressar det etablerte aktørar til å konkurrere. Mykje tyder på at kundane i finansmarknaden, som omfattar bank, sparing og forsikring, byter leverandør sjeldan. Mange opplever det vanskeleg å orientere seg i marknaden.

Grafen under viser kor mange prosent som trur at det kunne vere lønsamt å byte eller reforhandle bank, og kor mange som vil prøve å gjere noko aktivt.

SKAL BLI ENKLARE Å BYTE LEVERANDØR
Dersom kundane opplever byte av leverandør som vanskeleg, vil færre byte. Det kan vere uheldig for konkurransen. Konkurransetilsynet har difor fokusert på å gjere det enklare å skifte leverandør. Tiltaka går ut på å redusere den

faktiske kostnaden ved leverandørbyte, gjere informasjon om dei ulike tilbydarane sine produkt lettare tilgjengeleg, og å redusere uvissa knytt til korleis ein byter leverandør.

Rammevilkåra for korleis aktørane i finansbransjen opptrer er gitt i eit omfattande regelverk som blir forvalta av Finansdepartementet, Kredittilsynet og Norges Bank. Deler av regelverket er utforma av bransjen sjølv. Utforminga av regelverket har mykje å seie for kundane sine moglegheiter til å orientere seg og for å byte leverandør. Tilsynet sitt arbeid for å fremje konkurransen i denne sektoren inneber difor samarbeid med dei nemnde myndigheiter og representantar for næringa. Dei fleste endringane i regelverket dei siste åra har skjedd gjennom EU sitt arbeid for ein felles finansmarknad. Det har gjort at det internasjonale arbeidet til tilsynet har blitt stadig viktigare. Sidan fokus er på kundane, har også forbrukarmyndigheitene blitt ein naturleg samarbeidspartnar.

SAMARBEID GIR RESULTAT


Dei siste åra har det vorte sett i verk ei rekke tiltak som gjer det enklare for kundane å orientere seg og byte leverandør i finansmarknadene. Konkurransetilsynet har vore involvert i utforminga av fleire av disse. Eit døme er at tinglysingsgebyret i 2006 blei redusert frå 1 901 til 215 kroner. Det reduserer bytekostnadene og skjerper konkurransen i marknaden for bustadlån. Den nordiske bankrapporten frå 2006 foreslår tiltak som vil kunne betre konkurransen i bankmarknaden.

Også innan skadeforsikring har det skjedd viktige endringar dei siste åra. Frå og med 1. januar 2006 blei det enklare å byte leverandør. Dei nye reglane gjer det mogleg for kundane å flytte forsikringar også utanfor hovudforfall, slik at oppseiingstida totalt blir på berre ein måned. I juni 2007 innførte skadeforsikringsselskapa ei ny bransjenorm som gjer det enklare å byte forsikringsselskap. Frå 1. januar 2008 er alle forsikringsselskap pålagde å opplyse om premien for fjoråret ved hovudforfall. Dette vil synleggjere prisauker frå førre premieinnbetaling og gjere det vanskelegare for forsikringsselskapa å auke prisane etter at kunden har knytt seg til eit selskap. Konkurransetilsynet har i 2007 delteke i to prosjekt for å kome fram til tiltak som skal gjere det enklare å byte bank og samanlikne tilboda frå dei ulike bankane.

ENKLARE Å BYTE BANK

I juni blei ein rapport om tiltak og ordningar som kan gi reduserte ulemper for kundane ved byte av bank, lagt fram for Finansdepartementet. I arbeidsgruppa deltok representantar både frå bransjen og myndigheitene, deriblant Konkurransetilsynet. Rapporten tilrår å innføre ein «Switching code», ei ordning som skal gjere det enklare for kundane å byte bank. I første

BURDE SKIFTE BANK, MEN GJERE DET?



Kjelde: Statens institutt for bruksforskning, prosjektnotat nr. 01, 2007 «Burde det, skjønn det, men gjøre det? – Om å byte bank»

STRATEGISKE MÅL

Konkurransetilsynet skal fremje konkurransen i finansmarknadene gjennom aktiv handheving av konkurranselover.

RESULTATMÅL

Tiltak retta mot tilbydarane i marknaden

- sikre tilgang til naudsynt infrastruktur på ikkje-diskriminerande vilkår
- gjere det lettare å etablere seg i marknaden
- kritisk vurdere særnorske bestemmingar i rammevilkåra, og slik fremje harmonisering med resten av EØS-området

Tiltak retta mot kundane i marknaden

- bidra til å gjere det lettare å byte leverandør og fjerne hindringar som ikkje er naudsynte
- sikre at kundane har god tilgang til informasjon om produkta
- sikre at kundane blir i stand til å samanlikne ulike produkt

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

- Rapport om innløysarselskapa innan betalingsformidling foreslår fleire tiltak
- Inngrep mot foretakssamanslutning mellom BBS og Teller sikrar tilgang til infrastruktur
- Rapport om bankbyte konkluderer med at bransjen skal gjere det enklare for forbrukaren å byte bank
- Etableringa av finansportalen i januar 2008 gjer informasjon og samanlikning enklare for forbrukaren

omgang har bransjen sjølv fått i oppgåve å lage nye reglar for ei slik byteordning. Reglane trer i kraft 1. mai 2008 for privatkunder, mens ei ordning for verksemdar kjem seinare. Arbeidsgruppa kom fram til at ei innføring av kontonummerportabilitet, det vil seie at bankkundane kan ta med sitt gamle kontonummer når dei byter bank, truleg ville medføre høge kostnader samanlikna med fordelane det ville medføre.

ENKLARE MED FINANSPORTALEN.NO

I arbeidsgruppa for å etablere finansportalen.no har Konkurransetilsynet jobba med tiltak som kan gjere det enklare å samanlikne dei ulike tilboda av finansprodukt. Målet med Finansportalen, som blei lansert 14. januar 2008, er å hjelpe forbrukaren å finne dei beste tilboda innan låneprodukt, daglegbanktenester, sparing og skadeforsikring. Konkurransetilsynet trur at portalen, gjennom auka kunnskap og enklare samanlikning av finansielle produkt, vil skjerpe konkurransen mellom aktørane.

Sjølv om det har kome mange gode tiltak, kan konkurransen i finansmarknaden framleis bli betre. Konkurransetilsynet vil arbeide for at den positive utviklinga held fram.

Av seksjonsleiar
Eivind Stage



TEMA: BANK OG FORSIKRING



Betre konkurransevilkår for betalingstenester

I juli sette tilsynet ei rekkje vilkår for å godkjenne føretakssamanslutninga mellom Bankenes Betalingssentral (BBS) og Teller. Vilkåra sikrar tilgang til naudsynt infrastruktur frå BBS for konkurrentar og vil betre konkurransevilkåra i marknadene for betalingstenester.

■ ■ Fusjonen mellom BBS og Teller kunne stengt ute eksisterande og potensielle konkurrentar, både i marknaden for innløysing av transaksjonar med internasjonale betalingskort, den såkalla innløysarmarknaden, og i marknaden for betalingsterminalar. Konsekvensen kunne blitt auka prisar både for butikkar og for forbrukarane.

BBS er den leiande aktøren på betalings- og informasjonsløysingar i Norge. Selskapet er eigd av 129 norske banker, har 750 tilsette og omsette for ca. 1,5 milliardar kroner i 2006. BBS er driftsoperatør av oppgjerssystemet NICS, leverandør av betalingsterminalar med tilhøyrande software og er einaste innsamlar av betalingskorttransaksjonar frå BankAxept-kort, som utgjør ca. 90 prosent av alle korttransaksjonar i Norge.

Teller er den største innløysaren av internasjonale betalingskorttransaksjonar i Norge. Verksemda er eigd av 41 norske banker og

omsette for ca. 560 millionar kroner i 2006. Innløysing er ei finansiell teneste som sørgjer for oppgjør for butikkar når ein kunde betaler med kort. Butikken eller brukarstaden må ha ein avtale med ein innløysar for å kunne akseptere betaling med ulike betalingskort for varer og tenester. Ein innløysar forvaltar brukarstaden sin konto og vidareformidlar førespunaden til kortutstedaren.

Betalingsstransaksjonar i betalingsterminalar vert samla inn av ein innsamlar, som sender desse vidare til rett innløysar. Innsamlaren mottek svar på blant anna autorisasjons- og verifikasjonsførespurnader, og gir så melding til brukarstaden slik at betalingstransaksjonen kan gjennomførast.

FRYKTA UTESTENGING

I innløysarmarknaden er Teller og andre innløysarar avhengige av BBS som infrastrukturleverandør og innsamlar av betalingstransaksjonar. Tilsynet var uroleg for at fusjonen ville gi BBS

insentiv til å stengje konkurrentane til Teller ute frå innløysarmarknaden gjennom å avgrense tilgang til infrastrukturen. Tilsynet påla BBS å gjere innsamlingstenestene sine tilgjengelege på ikkje-diskriminerande vilkår. BBS og Teller pliktar også å sikre at innløysarverksemda ikkje vert gitt innsyn i konkurransesensitiv informasjon som BBS får i kraft av å samle inn transaksjonane.

BBS har som den klart største aktøren på betalingsterminalar kontroll over den største salskanalen – bankane – ved at bankane i fellesskap eig BBS. Etter føretakssamanslutninga med den største innløysaren fekk BBS i praksis kontroll over enda ein salskanal – innløysarane. Tilsynet kom til at fleire vilkår vil avhjelpe dei avgrensingar av konkurransen som fusjonen elles ville ført til. Blant anna skal terminalleverandørar få tilgang til grensesnittspesifikasjonar som er naudsynte for å kunne tilby terminalar til brukarstadar i Norge.

FUSJON MELLOM OSLO BØRS OG VPS

■ ■ I 2007 fusjonerte Oslo Børs Holding ASA (Oslo Børs) og Verdipapirsentralen Holding ASA (VPS). Kjerneverksemda til dei to selskapa er knytt til ulike delar av verdikjeda for omsetning av verdipapir. Sidan desse tenestene utgjør ulike marknader, oppstår det normalt ikkje konkurranseproblem som følgje av fusjonen. Konkurransetilsynet vurderte likevel om fusjonen ville stengje potensielle konkurrentar ute, men fann ikkje grunnlag for å gripe inn. Det blei lagt vekt på innverknaden gjeldande og komande reguleringar har på fusjonspartane, særleg EU-direktivet Markets in Financial Instruments Directive (MiFID) og den europeiske bransjenorma Code of Conduct for Clearing and Settlement. Begge spring ut av Europakommisjonen sitt arbeid for å auke konkurransen og hindre utestengjande åtferd i desse marknadene.

FORESLÅR TILTAK MOT INTERNASJONALE KORTSELSKAP

■ ■ I september overleverte Konkurransetilsynet, Kredittilsynet og Norges Bank ein rapport til Finansdepartementet om gebyra til internasjonale kortselskap. Rapporten anbefalar fleire tiltak som vil kunne bidra til auka gjennomsikt, effektivitet og konkurranse i marknaden for internasjonale betalingskort. Nokre av forslaga er:

- Brukarstadene og innløysarane bør få både innsikt i og uttalerett i prosessane kor gebyra blir fastsette.
- Innløysarane bør få spesifiserte fakturaer.
- Avtalane med brukarstadene bør ha ei oppseiingstid på maksimalt 3 månader.
- Fleire av klausulane i kortselskapa sitt regelverk bør undersøkjast nærare fordi dei kan avgrense brukarstadene sine valmoglegheit og forhandlingsmakt.

INNHALD:

■ DAGLEGVARER

Side 7-10

■ TRANSPORT

Side 11-14

■ MEDIA OG KOMMUNIKASJON

Side 15-18

■ ENERGI

Side 19-22

■ BANK OG FORSIKRING

Side 23-26

■ KONKURRANSE OG INNOVASJON

Side 27-32

■ INTERVJU / STEINAR STRØM

Side 30-31

■ INTERNASJONALT

Side 33-36

KONKURRANSE OG INNOVASJON HANDLAR OM EIN HÅRFIN BALANSEGANG. GOD KONKURRANSEPOLITIKK GIR MEIR INNOVASJON OG VERDISKAPING.



TEMA: KONKURRANSE OG INNOVASJON

Innovasjon og konkurranse

Målsetjinga med konkurransepolitikken er å leggje til rette for velfungerande konkurranse i marknadene for å hjelpe til effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Konkurransepolitikken understøttar målsetjingane med innovasjonspolitikken. Samtidig vil ei fornuftig utforming av innovasjonspolitikken understøtte konkurransepolitikken.

■ ■ Innovasjonspolitikken er eit viktig bidrag til framtidig verdiskaping. Innovasjon og diffusjon – eller spreing og bruk – av nye produkt, tenester og produksjonsprosessar, har over tid gitt det største bidraget til økonomisk vekst.

I debatten omkring desse spørsmåla kan ein få inntrykk av at det er eit motsetnadsforhold mellom innovasjons- og konkurransepolitikken. Innovasjonsverksemd er risikofylt og krev store forskings- og utviklingsinvesteringar (FoU) for å lukkast i å skape gjennomgripande innovasjonar. Det vert også hevda at store verksemdar til vanleg er meir innovative enn små, ganske enkelt fordi dei er betre i stand til å mobilisere og koordinere dei nødvendige ressursane for ei vellukka innovativ verksemd. Andre meiner at drivkrafta til å innovere er sterkare i ein marknad med få enn i ein marknad med mange verksemdar, fordi det er lettare å tileigne seg utbyttet av innovasjonen og FoU-investeringane i marknader med få verksemdar. Viss det er rett, kan ein for streng konkurransepolitikk svekkje innovasjonsinsentiva – og dermed den langsiktige velferdsutviklinga.

Empirien støttar ikkje dette perspektivet, snarare tvert om. Erfaringane tyder på at fragmenterte så vel som monopoliserte marknadstrukturar gir mindre innovasjon enn marknader med moderat konsentrasjon.

KONKURRANSE TVINGAR FRAM INNOVASJON

Kvifor er konkurranse bra for innovasjonen? Det er fordi marknadseksponeerte aktørar heile tida må leite etter nye produkt og betre måtar å arbeide på, rett og slett fordi dette er den einaste måten å overleve på sikt. Intens konkurranse i dagens marknad vil i seg sjølv vere eit insentiv til å investere i FoU. Ein inno-

vasjon, i form av eit betre produkt eller ein meir kostnadseffektiv teknologi, kan vere den einaste måten å skaffe seg ein fordel i marknaden framfor konkurrentane. Konkurranse skjerpars altså innovasjonsinsentiva. Når ei verksemd har oppnådd ein dominerande marknadsposisjon, treng den ikkje vere like mykje på hogget lenger.

Dette har innverknad på praktiseringa av konkurransepolitikken. Det ser vi i meldeppliktsreglane og når Konkurransetilsynet sine varselklokker begynner å ringe ved fusjonar som omfattar selskap av ein viss storleik i den aktuelle marknaden.

DRAUMEN OM EIN DOMINERANDE POSISJON ER EI DRIVKRAFT

Sjølv om konkurranse er bra for innovasjonsevna i økonomien, er det ingen tvil om at drivkrafta til mange selskap nettopp er å oppnå ein dominerande marknadsposisjon. Eit velfungerande regime for vern av opphavsrettar som patent, copyright og lovverning av produktnamn, har vore heilt naudsynt for å stimulere innovasjonar. Viss ikkje avkastninga på investeringa i FoU kan tryggast i tilfredsstillande grad gjennom for eksempel patent, vil innovasjonsinsentiva reduserast dramatisk. På dette området oppstår det stadig ulike utfordringar i skjeringsflata mellom innovasjons- og konkurransepolitikk; for eksempel knytt til spørsmål om tilgang på lisensiert teknologi og vilkåra for dette. Det kan handle om lisensavtaler og tvangslisensar, krysslisensiering, produktkoplingar eller såkalla bundling, patentpoolar og patenttoppsamling med sikte på å auke etableringskostnader for nykomarane. I tillegg oppstår sjølvsagt spørsmålet om kor langt opphavsrettsvernet skal gå i høve til forbrukarane sine interesser.

INNOVASJON KREV SAMARBEID

Når kvart enkelt teknologiområde blir stadig meir ressurskrevjande, og talet på teknologiområde stadig aukar, blir samarbeid mellom verksemdar med utfyllande kompetanse i aukande grad viktig for å realisere vellykka innovasjonar. Dette har konkurransemyndigheitene i ei rekkje land erkjent og reflektert i lovgjevinga, bl.a. ved at FoU-samarbeid er tillate.

Konkurransepolitikken bør altså ikkje praktiserast så stramt at den reduserer moglegheitene for at utfyllande kunnskap og teknologi møtest og gir grunnlag for å utvikle nye produkt. Men samtidig bør konkurransepolitikken praktiserast så stramt at den ikkje slepp gjennom samarbeid som kan resultere i at konkurrerende produkt ikkje kjem på marknaden – eller at samarbeidet strekk seg utover FoU-arbeidet.

BALANSEKUNST

Innovasjon og konkurranse handlar om ein hårfin balansegang. Ei god og fornuftig utforming og praktisering av konkurransepolitikken må understøtte målsetjingane med innovasjonspolitikken. På same måte vil ein god innovasjonspolitikkk understøtte målsetjingane med konkurransepolitikken.

Av seniorrådgjevar
Kjell Jostein Sunnevåg



STRATEGISKE MÅL

Gjennom praktiseringa av konkurransepolitikken skal Konkurransetilsynet:

- understøtte sentrale målsetjingar i innovasjonspolitikken
- bidra til høg innovasjonstakt og auka verdiskaping

RESULTATMÅL

Konkurransetilsynet skal i handsaminga av fusjonssaker, misbruk av dominerande stilling og ulovleg samarbeid leggje særleg vekt på skadelege verknader for forbrukarane i form av høgare prisar, reduserte valmoglegheiter og svekka grunnlag for innovasjon.

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

- Regjeringa varsla at den ville leggje fram ei stortingsmelding om innovasjon. I innspelet frå Konkurransetilsynet var bodskapen at innovasjons- og konkurransepolitikken støttar opp om kvarandre
- Konkurransetilsynet sin konferanse om «Konkurranse og innovasjon» hadde mange deltakarar og vart møtt med stor interesse
- Konkurransetilsynet sitt seminar om «Vertikale restriksjonar» sette mellom anna fokus på tilhøvet mellom kjøparmakt og innovasjon
- Tide Reiser AS og Veolia Transport får ikkje lenger samarbeide om drifta av ekspressbussruta Kystbussen på strekninga Bergen–Stavanger m.a. ut frå frykt for at samarbeidet kan svekkje innovasjonsinsentiva
- Konkurransetilsynet er kritisk til utkast til forskrift om konkurranseavgrensande verksemd i skogbruket fordi den kan svekke grunnlaget for innovasjon



Navn: Steinar Strøm
Alder: 66 år
Jobb: Professor i sosialøkonomi

Kven er redd for Konkurransetilsynet?

– Vi treng konkurranse ikkje berre på pris, men også på kvalitet og utval. Det seier professor i sosialøkonomi og ein av våre fremste økonomar, Steinar Strøm. Den engasjerte professoren, som no har base ved Universitetet i Torino, har klare synspunkt på konkurransesituasjonen i Norge. Strøm kjenner truleg apotekbransjen betre enn dei fleste etter mellom anna å ha leia utvalet som såg på omsetnaden av legemiddel.

■ ■ Er Konkurransetilsynet avskrekkande nok?

Det har vore viktig å etablere eit tilsyn som næringsliv og andre føler pustar ein i nakken. Å ha eit tilsyn som gir tydeleg melding om at dei er der og følgjer med. Det har dei klart. På same tid er det ei utfordring at styresmaktene blandar seg inn i nokre saker. Konkurransetilsynet har hatt eit par klare saker der politikarane har kome til ein annan konklusjon og overstyrt avgjerdene. Det er alltid freistande for politikarar å gjere det, men det er kort-siktig tenkt. Vi treng eit Konkurransetilsyn som er tilstades og overvakar konkurransen, og som set i verk sanksjonar som merkast når det trengst. Viss overstyring skjer for mange gonger, og blir ein klar tendens, kan det bli problematisk for tilsynet og samfunnet.

■ ■ Korleis meiner du at det påverkar konkurransen i samfunnet?

Vi treng konkurranse for å halde kostnadene nede og veksten oppe. Viss konkurransen forvitrar og ein får innslag av kameraderi og nettverksalliansar, kan det slå svært uheldig ut. Det kan då oppstå kriminelle miljø. Vi liker å tru at vi er lite korrupte i dette landet, men alt kan endre seg.

■ ■ Stor konkurranse i luftfarten har gitt oss låge flyprisar, og folk flyg meir enn nokon gong. Viser det at konkurranse og miljø går dårleg saman?

Faktisk er det positivt for miljøet! Klima er viktig for styresmaktene. Dei må sørge for mil-

jøkostnader på CO₂, ein pris alle flyselskap må betale. Dermed blir det konkurranse på eit høgare prisnivå.

■ ■ Er det berre pris som er viktig?

Nei, vi må heller ikkje gløyme at tilsynet har ei anna utfordring; konkurranse på kvalitet og tilgjengelegheit. Det beste dømet er innan apotekbransjen. Det blei frietablering av apotek, og vi såg at sal av medisinar blei meir tilgjengeleg i sentrale strøk. Det er kvalitet for kundane. Prisane er ikkje mykje reduserte sidan dei er regulerte av styresmaktene. Dette var forventa, men vi har fått konkurranse på tilgjengelegheit. Til og med i butikkane kan du få kjøpt visse typar medikament. Dømet illustrerer ei utfordring for Konkurransetilsynet; skal dei gå laus på pris eller kvalitet og utval?

■ ■ Er konkurranse på pris negativt for innovasjon og produktutvikling?

Interessant spørsmål, for det kostar mykje å utvikle nye tenester og produkt. Nye legemiddel er eit godt døme. Helsa vår er forbetra av nye medisinar, men utviklinga av dei kostar. Sjansen for ikkje å lukkast er stor. I tillegg er det konkurranse frå dag ein og andre kan lett kopiere. Eitt svar er å gje dei sjansen til å utvikle nye produkt, eit marknadsrom, gjennom patent. Det gjeld ikkje berre vår marknad, men er felles for Europa og USA. Nye produkt får gjennom patent ein garanti og kan ta høgare pris, slik at eigarane får tid og rom til å lukkast. I Norge vil ikkje olje og gass vare

evig. Det trengst meir pengar til forskning og utvikling. Ei oppgåve for Konkurransetilsynet i framtida blir å gi verksemder marknadsmakt i ein periode, slik det blir praktisert i Sverige og USA. Prisregulering er tilsynet si tradisjonelle rolle, men kvalitet, tilgang og innovasjon blir viktig framover.

Er det spesielle sektorar du meiner tilsynet bør sjå på framover?

■ ■ Nei ..., eg får vel ei rettsak på nakken viss eg framhevar nokon spesielt, men ein tendens tilsynet bør sjå på er «lock-in», altså innlåsingseffekt. Det gjeld til dømes kraft- og banksektoren. Bankar og verksemder lokkar deg med bonus og premieprogram som syg deg inn og «låser» deg til selskapet. Latskap, treigheit og mangel på informasjon gjer at kundane bevegar seg for lite mellom aktørane. Dette ser vi mykje av i dag. Konkurransetilsynet må vere på vakt.

Lovverket er godt nok, og med eit tilsyn som er meir aktivt enn nokon gong, lovar det bra, avsluttar Strøm.

Av
Anne Margrete Alværn



«VI TRENG EIT KONKURRANSETILSYN SOM ER TILSTADES OG OVERVAKAR KONKURRANSEN, OG SOM SET I VERK SANKSJONAR SOM MERKAST NÅR DET TRENGST.»

TEMA: KONKURRANSE OG INNOVASJON



Programvaremarknadene byr på nye utfordringar

Eit av Konkurransetilsynet sine prioriterte prosjekt i 2007 har vore å kaste lys på konkurranseforholda i programvaremarknadene og diskutere konkurransemyndigheitene si rolle i desse marknadene. Arbeidet resulterte blant anna i rapporten «Konkurranse og innovasjon i programvaremarknadene».

I rapporten ser tilsynet nærare på kva marknadsstrukturen og eigenskapar ved programvarene har å seie for konkurransesituasjonen. Programvaremarknadene skil seg frå tradisjonelle marknader på fleire måtar. Marknadene er prega av at investeringskostnadane for forskning og utvikling er store, medan dei marginale kostnadane ved å knytte opp ein ekstra brukar som oftast er små. Det er med andre ord tydelege stordriftsfordelar på tilbodssida i desse marknadene. På etterspurnadssida eksisterer nettverkeffektar, noko som inneber at ein programvare har høgare verdi for konsumentane dess fleire andre som nyttar seg av den.

Stordriftsfordelane og nettverkeffektane gjer at programvaremarknadene blir prega av dynamisk konkurranse i staden for statisk konkurranse. Det inneber at aktørane i mange samanhengar konkurrerer om å oppnå tidsavgrensa monopol i staden for å konkurrere innfor same marknad. Konkurransen kan bli ei

form for innovasjonskonkurranse der vinnaren vann mesteparten av marknaden inntil neste store innovasjon finn stad.

UTNYTTE EKSISTERANDE TEKNOLOGI ELLER UTVIKLE NY?

Av den grunn står ein overfor to motstridande omsyn i programvaremarknadene. På den eine sida ønskjer ein optimal utnytting av eksisterande teknologi, medan det på den andre sida er viktig å gje insentiv til optimale FoU-investeringar for å utvikle ny teknologi. Rapporten konkluderer med at konkurransemyndigheitene bør vege omsyna til innovasjon og velfungerande konkurranse mot kvarandre i kvar einskilt sak.

OPNE SYSTEM

Ein aktør som oppnår å bli dominerande vil kunne ønskje å forlengje perioden med marknadsmakt og utvide si dominerande stilling til tilgrensande marknader kor produkta

ofte er komplementære. Dette kan gje grobotn for konkurranseskadeleg åtferd. Dette var utgangspunktet for handsaminga av LinPro si klage mot samarbeidsavtalen mellom Microsoft og norske fylkeskommunar. Rapporten viser at det er viktig å leggje til rette for konkurranse ved å opne systema som gjer at produkt frå ulike leverandørar fungerer saman.

KVA KAN OFFENTLEGE MYNDIGHEITER GJERE?

Myndigheitene er sjølve ein stor informasjonsaktør i samfunnet og vil kunne spele ei aktiv rolle ved å bidra til at brukarar av offentleg informasjon ikkje vert låste til ein spesiell standard. Vedtaket om å satse på bruk av opne standardar ved publisering av informasjon er eit eksempel på at offentlege myndigheiter kan bidra til å redusere innlåsing i lukka standardar.

KONFERANSE OM KONKURRANSE OG INNOVASJON

15. juni arrangerte tilsynet ein konferanse kor temaet var forholdet mellom konkurranse og rettsleg vern av nyskaping. Foredragshaldarane var blant dei fremste ekspertane på fagområdet. Konferansen tok føre seg forbodet mot avtalar som hindrar konkurranse, forbodet mot misbruk av dominerande stilling og reglane om kontroll med fusjoner og oppkjøp. Gjennom konkrete eksempel og teori blei det vist korleis aktørar i marknaden kan hindre effektiv konkurranse, nyskaping og produktutvikling.

ENDRA MICROSOFT SIN AVTALE MED SKULEN

Konkurransetilsynet mottok klage frå LinPro AS i mars 2006. LinPro meinte at rabattsystemet i ein samarbeidsavtale mellom Microsoft og norske fylkeskommunar om lisensiering av programvare, var konkurranseavgrensande. Tilsynet undersøkte saka. I mai 2007 orienterte Microsoft om at den såkalla Fylkesavtalen hadde vorte vesentleg endra på dei to viktigaste områda tilsynet hadde fokusert på i si sakshandsaming. Tilsynet avslutta difor saka.

INNHALD:

- DAGLEGVARER
Side 7-10
- TRANSPORT
Side 11-14
- MEDIA OG KOMMUNIKASJON
Side 15-18
- ENERGI
Side 19-22
- BANK OG FORSIKRING
Side 23-26
- KONKURRANSE OG INNOVASJON
Side 27-32
- INTERVJU / STEINAR STRØM
Side 30-31
- INTERNASJONALT
Side 33-36

EU ER I STØRRE OG STØRRE GRAD RETTSKJELDE FOR NORSK KONKURRANSERETT. DIFOR MÅ TILSYNET FØLGJE UTVIKLINGA INTERNASJONALT LANGT TETTARE ENN FØR.



TEMA: INTERNASJONALT

Kvifor internasjonalt?

Konkurransetilsynet deltek i eit variert og viktig internasjonalt arbeid. Å klargjere kvifor vi driv dette arbeidet, er viktig av to grunnar. Den eine er at næringslivet og forbrukarane skal ha tillit til at internasjonale aktivitetar fremmar konkurransen. Den andre er å sikre at tilsynet sjølv skal yte målretta innsats i internasjonale fora.

■ ■ Kvifor driv Konkurransetilsynet med internasjonalt arbeid? Som eit norsk forvaltingsorgan er det ikkje sjølvforklarande at Konkurransetilsynet skal bruke ressursar på aktivitetar utanfor landegrensa.

NORSKE VERKSEMDE MEIR INTERNASJONALE

Det er fleire gode grunnar til at tilsynet engasjerer seg internasjonalt. Ein viktig grunn er at den nye konkurranse-lova av 2004 er tilnærma lik EU sine konkurranse-reglar. Konkurransetilsynet engasjerte seg internasjonalt også før 2004. Skilnaden no er at EU sitt regelverk i større grad er rettskjelde i norsk konkurranse-rett. Samtidig viser handelsbalansen at norske verksemdar og forbrukarar i aukande grad er engasjert i internasjonal handel. Vår internasjonale deltaking blir då også viktigare for at Konkurransetilsynet skal kunne tilpasse arbeidet til den marknaden norske aktørar deltek i.

FIRE INTERNASJONALE ARBEIDSSOMRÅDE

Det internasjonale arbeidet til Konkurransetilsynet kan grovt delast i fire: internasjonalt regelverk, internasjonale enkeltsaker, opplæring i internasjonalt arbeid og deltaking i internasjonale nettverk. Alle aktivitetar har som mål å fremme konkurransen.

REGELVERKSARBEID

Norge er forplikta etter EØS-avtalen til å innføre nye lover frå EU, også på området konkurranse-rett. Konkurransetilsynet er i denne samanheng eit direktorat for Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD), og assisterar i oppfølginga av nytt EU-regelverk. Tilsynet har difor regelmessig delteke i komitémøte og høyringar om EU sine lovinitiativ.

Det er også viktig for Konkurransetilsynet å følge med på utviklinga av ikkje-bindande regelverk. Dette både for å handheve reglane riktig og for å kunne rettleie norske verksemdar og forbrukarar. Eit døme i 2007 var arbeidet med EU sine retningslinjer for såkalla ikkje-horisontale fusjonar. Dette er regelverk som Norge ikkje er direkte forplikta til å følgje, men som det er naturleg å sjå til ved fortolking av vårt eige fusjonsregelverk. Tilsynet har følgd aktivt med i utviklinga av desse retningslinjene heilt frem til vedtakinga i november 2007.

ENKELTSAKER

Konkurransetilsynet sitt engasjement i internasjonale enkeltsaker er fleirdelt. Etter konkurranse-lova er Norge forplikta til å handheve artikkane 53 og 54 i EØS-avtalen, som regulerer ulovleg samarbeid og utnytting av dominerande stilling der samhandelen mellom EØS-statane vert påverka. Tilsynet handsamar også tilvisingar mellom Europakommisjonen og Norge i saker om foretakssamanslutningar. Eit døme frå 2007 er fusjonen mellom Egmont og Bonnier, kor delen som omfatta dei norske forlaga Cappelen og Damm blei overført frå Europakommisjonen til Konkurransetilsynet.

Konkurransetilsynet kan velje å følgje enkeltsaker sjølv om vi ikkje er forplikta til det. Årsaka kan til dømes vere at saka avgjer prinsipielle spørsmål. Eit viktig døme frå 2007 er saka mellom Microsoft og Europakommisjonen, der Førsteinstansdomstolen heldt fast ved ei bot på 497 millionar euro. Saka kan blant anna få prinsipiell tyding for programvaremarknaden også i Norge. Difor har Konkurransetilsynet følgd den tett.

OPPLÆRING

Konkurransetilsynet er ei kunnskapsverksemd og treng oppdaterte og engasjerte medarbeidarar. Det gjeld òg den internasjonale verksemda. Etter flyttinga til Bergen har tilsynet fått ei ny gruppe dyktige og ambisiøse medarbeidarar. Samtidig er EU- og EØS-retten omfattande og detaljert. Grundig opplæring i EU-rett er naudsynt for at saksbehandlarane skal treffe riktige vedtak, og for at vi skal kunne oppfylle vår lovpålagte rettleiingsplikt overfor næringslivet og forbrukarane. Difor har Konkurransetilsynet i 2007 prioritert internasjonal opplæring for mange av våre medarbeidarar, mellom anna gjennom kurs i EU-rett i regi av King's College i London.

INTERNASJONALE NETTVERK

Konkurransetilsynet deltek i ulikt nettverksarbeid både på nordisk, europeisk og internasjonalt nivå. Hovudmålet er å auke påverkingskrafta i relevante saker, fremje effektiviteten i sakshandsaminga, og å utveksle erfaringar og initiativ med andre land. Nettverksbygging skaper tillit, opnar dører og gir innspel vi ikkje hadde fått på annan måte. Ein viss personkjenning og sosial integrering er òg viktig for å få gjennomslag på internasjonalt nivå.

Eit døme på vår deltaking i nettverk er European Competition Network (ECN), kor Konkurransetilsynet i 2007 deltok både på direktør- og saksbehandlarnivå. Sidan Norge som EØS-land ikkje har direkte tilgang til EU sine formelle avgjerdsprossarar, er deltaking i slike nettverk endå viktigare.

INTERNASJONALT ARBEID STADIG VIKTIGARE

Så lenge konkurranse-regelverket i Norge er harmonisert med EU – og marknadsglobali-

STRATEGISKE MÅL

Regelverksarbeid

- Aktivt følgje regelverksutviklinga i EU og bistå FAD med korrekt implementering av EU-regelverk
- Grundig kjennskap til regelverk relevant for norske rettsreglar

Enkeltsaker

- Korrekt handheving av artikkel 53- og 54-saker og internasjonale fusjonssaker
- Bistå EU og ESA korrekt i saker som har med Norge å gjere
- Erfaringsoverføring frå prinsipielle enkeltsaker

Opplæring

- Topp kvalifiserte og oppdaterte medarbeidarar

Internasjonale nettverk

- Auka gjennomslag for norske synspunkt
- Fremje effektiviteten i konkret sakshandsaming
- Utveksle erfaringar og initiativ med andre land

RESULTATMÅL

Regelverksarbeid

- Tidlig deltaking i regelverksprossar
- Korrekt regelbruk og riktig rettleiing av norske verksemdar og forbrukarar

Enkeltsaker

- Løpande vurdering av samhandelspåverknaden i alle saker
- Bruk av eksisterande marknadskunnskap for vurdering av fusjonseffektar
- Identifisere og delta i alle sentrale delar i handsaminga av prinsipielle saker

Opplæring

- Praktisk deltaking i etablerte nettverk
- Kursing på internasjonalt nivå

Internasjonale nettverk

- Målstyrt og aktiv deltaking i internasjonale nettverk
- Bistå i utvikling av internasjonal konkurranse-rett

VIKTIGASTE RESULTAT I 2007

Regelverksarbeid

Deltaking i EU sitt regelverksarbeid for m.a. maritim sektor/linjefart, direct settlements og damages

Enkeltsaker

- EU overførte Cappelen-Damm-saka til Norge
- Oppfølging av prinsipielle saker, inkludert Microsoft og Mastercard

Opplæring

- Nye sakshandsamarar deltok i enkeltsaker saman med erfarne
- Deltaking på Kings College, Fordham- seminar og EC Advanced. Sendte National Experts til ESA

Internasjonale nettverk

- Større deltaking i European Competition Network (ECN)
- Deltaking i ECN og ECA annual meetings og workgroups
- Innlegg i OECD competition committee
- Deltaking på ICN annual conference i Moskva

seringa aukar – vil tilsynet sitt internasjonale arbeid verte stadig viktigare. Europakommisjonen sine sektorundersøkingar indikerer òg at finans-, telekom- og energisektoren vil få større fokus i framtida. Desse marknadsområda er viktige for Norge. For å følgje utviklinga er det viktig at tilsynet deltek internasjonalt også i åra som kjem – for å fremje konkurransen til beste for norske verksemdar og forbrukarar.

Visjonen for framtida er meir målstyrte prosessar og framleis sterkt fokus på nytteverdien av tilsynet sitt internasjonale arbeid. Derfor skal vi også i framtida stille oss spørsmålet «Kvifor internasjonalt?»

Av Internasjonal koordinator
Nicholas Sayer



TEMA: INTERNASJONALT



EU til sak mot Microsoft

Europakommisjonen si sak mot Microsoft dreier seg i hovudsak om to typar misbruk av dominerande stilling. I den eine delen av saka nekta Microsoft å utlevere programkode. I den andre delen blei Microsoft skulda for å integrere Windows Media Player så tett med operativsystemet at det blei vanskeleg for andre mediespelarar å konkurrere.

■ ■ Saka starta 10. desember 1998 då Sun Microsystems klaga Microsoft inn for Europakommisjonen. Sun hevda at Microsoft braut artikkel 82 i EU-traktaten då dei nekta å levere programkode som er naudsynt for at servere med Sun si programvare skal kunne nyttast saman med PC-ar med klientoperativsystem og applikasjonar frå Microsoft. Sun meinte at denne informasjonen, såkalla interoperabilitetsinformasjon, trengst for at produsentar av serveroperativsystem skal kunne konkurrere med Microsoft sitt serveroperativsystem.

Den andre delen av saka mot Microsoft blei initiert av kommisjonen på eige initiativ i februar 2000. Kommisjonen retta fokuset på Microsoft sin integrasjon eller «tying» av Windows Media Player i Windows sitt operativsystem for PC, Windows. Kommisjonen hevda at Microsoft på denne måten utnytta si dominerande stilling i marknaden for klientoperativsystem til å auke sin marknadsdel i marknaden for mediespelarar.

I mars 2004 vedtok kommisjonen at Microsoft i begge tilfella hadde utnytta si dominerande stilling i strid med artikkel 82 i EU-traktaten og artikkel 54 i EØS-traktaten. Kommisjonen gav Microsoft ei bot på drygt 497 millionar euro. Selskapet blei også pålagt å tilby den etterspurde interoperabilitetsinformasjonen innan 120 dagar. Informasjonen skal vere tilgjengeleg for alle aktørar som er interesserte i å utvikle produkt som kan konkurrere med Microsoft i marknaden for serveroperativsystem. Microsoft blei også pålagt å tilby ein versjon av Windows klientoperativsystem utan Windows Media Player.

Microsoft anka vedtaket til kommisjonens inn for Førsteinstansdomstolen. Domstolen gav i september 2007 kommisjonen medhald på begge punkt, både vedrørende Microsoft si utnytting av dominerande stilling og vedrørende storleiken på bota. Microsoft har seinare meddelt at selskapet ikkje vil anke saka.

Microsoft har retta seg etter kommisjonen sitt vedtak når det gjeld koplinga mellom Windows Media Player og Windows klientoperativsystem, på den måten at dei tilbyr versjonar av operativsystemet utan Windows Media Player.

Microsoft har fleire gonger levert ny interoperabilitetsinformasjon, men kommisjonen meinte at informasjonen ikkje var tilstrekkeleg til å oppfylle krava. Kommisjonen gav difor i juli 2006 Microsoft ei ny bot på 280,5 millionar euro for manglande oppfylgning. Seinare gjorde Microsoft ein vesentleg revisjon av informasjonen før den på nytt blei levert kommisjonen. I oktober 2007 meddelte så kommisjonen at Microsoft hadde oppfylt krava til levering av interoperabilitetsinformasjon.

EUROPEISK SAMARBEID

■ ■ EU-retten er både rettskjelde og inspirasjon for norsk konkurranserett. Samstundes deltek ikkje Norge i EU sine beslutande organ. Nettverk og arbeidsgrupper i EU er då viktige arenaer for norsk medverknad og innflytelse. Konkurransetilsynet deltek difor i ECN, eit samarbeidsnettverk i EU kor også EFTA-statane har tilgang. Vidare deltek tilsynet i fellesmøte med EU sitt generaldirektorat for konkurranse, og i ECA, eit uformelt nettverk mellom europeiske konkurransemyndigheiter.

NORDISK SAMARBEID

■ ■ Nordisk samarbeid er naturleg for Konkurransetilsynet. Demografien i dei nordiske landa liknar kvarandre, og konkurransereglane er relativt like i Norden. Nordiske konkurransemyndigheiter har difor eit fast nordisk samarbeid og tett, løpande kontakt. Det formelle nordiske samarbeidet består av eit årleg direktørmøte og eit årleg fellesmøte. I tillegg vert det kvart år arrangert eit felles nordisk juristmøte og eit nordisk møte for sjeføkonomar. Eit døme på nordisk samarbeid i 2007 er den nordiske krafterporten «Capacity for Competition».

I 2007 STYRKTE TILSYNET ETTERFORSKINGSARBEIDET VESENTLEG. DET INNEBER AUKA INNSATS MOT KONKURRANSELOVBROT I 2008.



TILSYNET STYRKJER ETTERFORSKINGA

I 2007 styrkte Konkurransetilsynet satsinga på etterforskning av konkurranselovbrøt. Den auka innsatsen er høgt prioritert og utgjør eit sentralt verkemiddel i kampen mot konkurransekriminalitet. Samarbeid om prisar og deling av marknader tener ikkje fellesskapet. Internasjonale undersøkingar viser at prisane for forbrukarane er 15-40 prosent høgare på marknader der aktørane samarbeider i strid med konkurransereglane, enn viss konkurransen hadde fungert effektivt.

I 2007 styrkte tilsynet etterforskningsarbeidet med fleire tilsette, avanserte tekniske verktøy og tettare intern samhandling.

Etterforskningsfunksjonen i Konkurransetilsynet famnar både om kartell-saker etter konkurranselova § 10 og utnytting av dominerande stilling etter konkurranselova § 11, og dei tilsvarande reglane i EØS-avtalen artikkel 53 og 54. I internasjonale saker gir Konkurransetilsynet både EFTA sitt overvåkingsorgan og Europakommisjonen hjelp med praktisk etterforskningsarbeid.

OFTE VANSKELEG Å AVDEKKE KONKURRANSELOVBROT

Deltakarane i kartell ønskjer å halde den ulovlege verksemda skjult. Dette inneber at både kundar, konkurrentar og det offentlege vert ført bak lyset og sjeldan oppdagar kva som skjer. Dei offisielle rekneskapa og dokumenta som ein finn i føretaka sine ordinære arkiv, vil i regelen ikkje innehalde opplysningar som viser at dei er del av eit kartell. Sentrale vitne vil ofte vere tilsette i føretaka som deltek i ulovlege handlingar. Dette lojalitetsbandet er òg med på å gjere bevissituasjonen ved konkurranselovbrøt vanskeleg. Slike særtrekk finn ein òg i samband med annan økonomisk kriminalitet, som til dømes korrupsjon og brot på regelverket om offentlege innkjøp. Særtrekka ved konkurranselovbrøt er såleis ikkje eineståande. Denne likskapen er det viktig å vere merksam på.

BRUKER FLEIRE VERKEMIDDEL FOR Å AVDEKKE LOVBROT

Etterforskning, lemping eller amnesti, tips og samarbeid med andre er dei viktigaste verkemidla til Konkurransetilsynet for å kome konkurransekriminalitet til livs.

BEVISSIKRING OG FORKLARINGSOPPTAK

Konkurransetilsynet har effektive verkemiddel for etterforskning av lovbrøt. I samband med forklaringsopptak har den einskilde både plikt til å forklare seg – og til å seie sanninga. Etter at Konkurransetilsynet har fått tingretten si avgjerd om bevissikring, kan tilsynet sine egne folk søkje etter bevis hos føretaka. I 2007 vart det gjennomført bevissikring i to saker på seks ulike stader. Begge sakene er enno under etterforskning, og tilsynet har gjort ei rekkje forklaringsopptak.

LEMPING

Erfaringa frå EU og fleire andre land syner at eit velfungerande leniency- eller lempingsprogram er det viktigaste verkemiddelet for å avsløre kartellverksemd. Årsaka er at amnesti vil medverke til, eller

styrkje, ustabilitet i kartellet. Fordelen den som melder seg kan få i høve til dei andre kartelldeltakarane, er totalt fritak for gebyr. Dei resterande deltakarane kan i beste fall få redusert gebyret til det halve.

I Norge vart regelen om lemping sett i kraft i 2004. I 2007 mottok Konkurransetilsynet den første søknaden om lemping eller amnesti. Totalt mottok vi to søknader i 2007. Det er lågare enn forventet. Difor arbeider Konkurransetilsynet med å gjere regelverket endå meir effektivt. Arbeidet omfattar både forbetringar knytta til rammene gitt i lov og forskrift, samarbeid i høve til påtalemakta og eksternt informasjonsarbeid.

TIPS

Tips er ei anna kjelde til informasjon om moglege kartell. Tilsynet får tipsa frå både privatpersonar, verksemdar og offentlege etatar. I 2007 starta tilsynet opp eit prosjekt for å betre tipshandteringa internt i tilsynet. Totalt tek tilsynet imot mange tips, men ikkje alle er relatert til tilsynet sitt fagområde. I tillegg til å vere utgangspunkt for etterforskning, gir systematisk tipshandtering oss òg eit betre grunnlag for oppfølging av utvalde marknader.

KONTAKTNETT

Konkurransetilsynet utvekslar med jamne mellomrom erfaring med konkurransemyndigheiter i andre land og med nasjonale organ som tek hand om diverse andre regelverk i Norge. Vi samarbeider godt med Økokrim. Det er sær viktig grunna den nære samanhengen mellom konkurransekriminalitet og anna økonomisk kriminalitet. I tillegg er det viktig å ha god kontakt både med offentlege og private innkjøparar, slik at dei kjenner reglane og veit kva dei skal melde frå om viss dei får mistanke om brot på regelverket.

STYRKINGA AV ETTERFORSKNINGSFUNKSJONEN I 2007

Konkurransetilsynet har tilsett nye personar i sentrale stillingar, investert i avanserte verktøy og fokusert sterkt på intern samhandling for å styrkje etterforskningsarbeidet det siste året. Satsinga held fram i 2008.

STYRKING AV ORGANISASJONEN

I 2007 tilsette Konkurransetilsynet fleire nye medarbeidarar som skal arbeide eksplisitt med etterforskningsarbeid. Det er tilsett etterforskningsdirektør, etterforskningsleiar og ytterlegare to seniorrådgjevarar som skal ha særskilt fokus på etterforskning.

INVESTERING I AVANSERT DATAUTSTYR

Dei siste par åra har Konkurransetilsynet fått hjelp frå datakrimsentret hos Kripos i samband med sikring av elektroniske spor. No etablerer Konkurransetilsynet eit nytt datalaboratorium i Bergen for klargjering og analyse av det sikra materialet.

TETTARE SAMHANDLING OG KOMPETANSEDELING

Som ein del av satsinga mot kartellverksemd, har Konkurransetilsynet sett fokus på intern samhandling, kompetansedeling og kompetanseheving. Hausten 2007 gjennomførte tilsynet mellom anna internopplæring for ei gruppe sakshandsamarar som ikkje til dagleg jobbar direkte med etterforskning av konkurranselovbrøt. I tillegg til interne foredragshaldarar, fekk tilsynet gode bidrag frå ein etterforskar og ein statsadvokat i Økokrim.

SATSIINGA HELD FRAM I 2008

Etter flyttinga til Bergen er etterforskningsfunksjonen i Konkurransetilsynet re-etablert og utvida. Dei organisatoriske og tekniske løysingane er i hovudsak på plass. Vi har nytta 2007 til å skaffe tilsynet eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med å kjempe mot kartell og andre konkurranselovbrøt. I 2008 vil vi fortsette kompetansehevinga på fagområdet, samstundes som vi vil setje meir fokus på avdekking av konkurranselovbrøt; både gjennom lempingsordninga, etterretningsarbeid og vanlege etterforskningskritt.

Det er eit mål for Konkurransetilsynet at gebyr for brot på regelverket skal fastsetjast i vedtak så raskt som mogeleg etter at utgreiing og etterforskning er avslutta. Det er under arbeid endringar i forskrifta som gjer at storleiken på dei nasjonale gebyra skal harmoniserast med nivået i EU. Dette vil føre til at gebyrnivået blir høgare enn det som har vore vanleg til no. Skjerpa straff vil vere ein grunn til å avstå frå slike aktivitetar og vil motivere til å søkje lemping for dei som allereie er del av eit kartell.

KARTELL

Eit kartell er eit samarbeid mellom to eller fleire verksemdar som har til hensikt å avgrense konkurransen i marknaden. I eit kartell kan deltakarane avtale deling av marknader, avtale prisar og rabattar eller bli samde om kven som skal få eit anbod. Verksemdene i kartellet kan dermed selje varer og tenester til ein høgare pris enn dei kunne gjort i ein konkurranse situasjon.

ETTERFORSKINGSSKRITT

AKTIVITET	2005	2006	2007
Bevissikring – saker/stader	2/7	2/4	2/6
Forklaringsopptak – saker/forklaringar	1/53	2/7	3/12
Bistand til ESA/Europakommisjonen	0	1	0

MELDINGAR TIL POLITIET

AKTIVITET	2005	2006	2007
Sendte meldingar	1	2	0
Avgjorte saker	5	1	0
Saker fortsatt hos Økokrim	4	5	5

LOVBROTSGEBYR § 10 OG § 11

AKTIVITET	2005	2006	2007
Varsel om ulovleg samarbeid (kartell) § 10	1*	1	3
Vedtak om ulovleg samarbeid (kartell) § 10	0	0	2*
Varsel om misbruk av dominerande stilling § 11	2	0	0
Vedtak om misbruk av dominerande stilling § 11	1	0	1

*) Vedtak V2007-2 gjeld både overtreding av § 10 og § 11.

Av etterforskningsleiar i Konkurransetilsynet
Hege Haugsvær



ORGANISASJON OG PERSONALE

STILLINGSFORDELING OG KJØNN

Konkurransetilsynet har 93 tilsette, inkludert tilsette i permisjon. Tabellen viser stillingsfordelinga i Konkurransetilsynet fordelt på kvinner og menn per 31.12.07.

Stilling	Totalt	Kvinner	Menn
Leiarar	20	7 (35 %)	13 (65 %)
Seniorrådgjevarar	27	10 (37 %)	17 (65 %)
Rådgjevarar	25	13 (52 %)	12 (48 %)
Førstekonsulentar	14	9 (64 %)	5 (36 %)
Konsulentar	7	7 (100 %)	0 (0 %)
Totalt	93	46 (49 %)	47 (51 %)


TENESTETID I KONKURRANSETILSYNET

Det har vore stor turnover i Konkurransetilsynet sidan 2003 grunna flyttinga til Bergen. I tillegg kjem vanlig turnover for tilsette som skifter jobb. Difor har tilsynet sær mange tilsette med kort tenestetid. 47 prosent av dei tilsette har arbeidd i Konkurransetilsynet i 2 år eller mindre, medan 32 prosent har ei tenestetid på mellom 2 og 5 år. Berre 21 prosent har ei tenestetid på 5 år eller meir. Alle desse arbeidde i Konkurransetilsynet i Oslo og har anten flytta eller pendlar til Bergen.

ALDERSFORDELING

Konkurransetilsynet har ein ung arbeidsstokk. 22 prosent av dei tilsette er under 30 år og kjem rett frå universitet eller høgskule. 40 prosent er

TENESTETID I KONKURRANSETILSYNET



mellom 30 og 39 år. Til saman utgjer desse gruppene 62 prosent av dei tilsette. 25 prosent er mellom 40 og 49 år. Dette er ei aldersgruppe som har vist seg spesielt vanskeleg å rekruttere og halde på, når det gjeld økonomar og juristar med erfaring i konkurranserett. 13 prosent av dei tilsette er 50 år eller meir. Tilsynet har sett i verk enkelte seniorpolitiske tiltak for å halde på seniorane i tida framover.

KOMPETANSEUTVIKLINGSPROGRAM

For å styrkje kompetansen, har Konkurransetilsynet vidareført kompetanseutviklingsprogrammet frå 2006. Programmet har tre pilarar:


- Medarbeidarar skal lære gjennom å løyse saker, delta på undervisningstilbod og utføre eigenstudie
- Grunnleggjande konkurransefagleg opplæring i eigen regi med eksterne og interne foredragshaldarar
- Utvikling av spisskompetanse innan konkurranseøkonomi og konkurranserett i eksternt regi

Tilsynet har også sett i verk eit rettleings- og utviklingsprogram for mellomleiarar. Programmet starta opp i 2007 og vil halde fram i 2008. Programmet har fått støtte frå Støtteordninga til forsøks- og utviklingsprosjekt for kompetanseutvikling i staten.

TURNOVER

Turnoveren for 2007 var 20 prosent. I alt 24 personar sa opp stillinga si i Konkurransetilsynet i 2007. Det var like mange kvinner som menn som slutta. 18 personar begynte i Konkurransetilsynet i 2007. Like mange kvinner som menn begynte.

ALDERSFORDELING I KONKURRANSETILSYNET



REKRUTTERING

Tilsynet hadde 12 stillingskunjgeringer i dagspressa i 2007. Til saman 300 personar søkte. I gjennomsnitt var det 25 søkjarar per stilling. 18 personar blei tilsette, 9 kvinner og 9 menn.

Arbeidsmarknaden er stram, og det har vist seg vanskeleg å rekruttere juristar med erfaring i konkurranserett og økonomar og juristar med leiarefaring.

Konkurransetilsynet har i 2007 delteke på bedriftspresentasjonar i Bergen. Grupper av studentar frå universitet og høgskular har også vitja tilsynet. Tiltaket er ein god måte å komme i kontakt med studentar og andre som ønskjer å jobbe i tilsynet. I samband med slike arrangement får tilsynet også positive tilbakemeldingar som tyder på at tilsynet blir sett på som ein attraktiv arbeidsgjevar. Talet på søkjarar per stilling stadfestar dette.

Studentar er også tekne inn som sommarvikarar for å gje dei eit innblikk i Konkurransetilsynet sitt arbeid og for å motivere dei til å søkje seg til Konkurransetilsynet seinare.

UTDANNING OG KJØNN

Konkurransetilsynet er ei verksemd med mange høgt utdanna tilsette. 73 prosent har høgare utdanning som samfunns- eller siviløkonom, eller som jurist. Fire tilsette har doktorgrad.

Utdanning	Totalt	Kvinner	Menn
Samfunnsøkonomar og siviløkonomar	35 (38 %)	10 (29 %)	25 (71 %)
Juristar	32 (35 %)	19 (59 %)	13 (41 %)
Anna høgare utdanning	17 (17 %)	11 (65 %)	6 (35 %)
Lågare utdanning	9 (10 %)	7 (78 %)	2 (22 %)
Totalt	93 (100 %)	47 (51 %)	46 (49 %)

LØNSFORDELING

Konkurransetilsynet har ved lønsfastsetjing ved tilsetting – og under dei lokale lønsforhandlingane – søkt å få til likast moglege lønsvilkår for menn og kvinner.

Gjennomsnittleg løn for kvinner i prosent av gjennomsnittlig løn for menn (fastløn) er for utvelde stillingar slik per 31.12.2007:

- toppleiinga 90 prosent
- mellomleiarar 100 prosent
- seniorrådgjevarar 90 prosent
- rådgjevarar 101 prosent
- førstekonsulentar 102 prosent

SJUKEFRÅVÆR

Konkurransetilsynet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv og jobbar aktivt med å redusere sjukefråværet. Konkurransetilsynet sitt mål er eit sjukefråværet på 5 prosent. Sjukefråværet for 2007 var på 5,38 prosent. Fråværet er noko lågare for menn enn kvinner. Det vil difor vere viktig å følgje opp sjukefråværet for kvinner framover for å redusere fråværet i 2008. Fråværet for kvinner skuldast imidlertid i liten grad forhold på arbeidsplassen.

Konkurransetilsynet har klare rutinar for å følgje opp sjukemeldte. Det skal gå fram av både eigenmeldingar og sjukemeldingar om sjukefråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen. Dei sjukemeldte vert følgde opp av nærmaste leiar. Det vert laga oppfølgingsplanar for å leggje til rette på arbeidsplassen saman med dei sjukemeldte, slik at dei raskast mogleg kan kome tilbake i arbeid.

LIKESTILLINGSARBEID

Konkurransetilsynet har fokus på likestilling ved intern og eksternt rekruttering til alle stillingar, særleg ved rekruttering til leiarstillingar. I alle kunngjeringsstektar frå førstekonsulent og oppover vert kvinner særskilt oppmoda til å søkje.

I samband med oppbygginga av verksemda i Bergen, har Konkurransetilsynet langt på veg lukkast i å oppnå ei jamn kjønnsfordeling. Framleis står det att å oppnå ei jamnare kjønnsfordeling på mellom- og toppleiarnivå og på seniorrådgjevarnivå.

BUDSJETT OG REKNESKAP

UTGIFTER I 2007 (kroner)

	Ordinær drift	Flyttekostnader	KOFA
	Kap 1550 post 01	Kap 1550 post 22	Kap 1550 post 23
Overføringer frå 2006	8 000	1 460 000	-
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev 2007	78 112 000		5 000 000
Endringar i samsvar med budsjetthandsaminga våren 2007 (RNB)			
Endringar i samsvar med budsjetthandsaminga hausten 2007 (Nysaldering)			1 200 000
Kompensasjon for lønsoppgjoret 2007	860 000		
Refusjon av fødselspengar og sjukepengar	3 152 000		
Fullmakt til å overskride løyvingane mot meirinntekt 1)			124 000
Fullmakt til å overskride løyvingane mot innsparing neste 3 år (2008-2010) 2)	2 529 000		
Til disposisjon i 2007	84 661 000	1 460 000	6 324 000
Forbruk i samsvar med rekneskap 2007	84 661 000	1 467 000	6 285 000
Saldo	-	- 7 000	39 000

Note 1: Konkurransetilsynet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap 1550 post 02 (KOFA) med inntil 2 prosent av løyvinga, mot tilsvarende meirinntekt på kap 4550 post 02 (Gebyr-KOFA). Meirinntekta på gebyr frå KOFA var kr 941 830 i 2007, mens samla løyving til KOFA var kr 6 200 000 i same periode.

Note 2: Konkurransetilsynet har fullmakt til å overskride løyvinga til ordinær drift (kap 1550 post 01) med inntil 5 prosent av løyvinga mot tilsvarende innsparing i dei tre påfølgjande budsjettåra. Etter denne fullmakta hadde tilsynet høve til å overskride løyvinga med kr 3 900 000, mens den faktiske overskridinga var på kr 2 529 000 i 2007. Overskridinga vart nytta til naudsynt ombyggingsarbeid i lokala i Bergen som ledd i slutføringa av flytteprosessen.

INNTEKT I 2007

Inntektene frå KOFA var budsjettert til kr. 193 000. Gebyra innbetalt i 2007 vart på kr. 1 134 830, som var ei meirinntekt på kr. 941 830. Lovbrottsgebyra i 2007 ga Konkurransetilsynet ei inntekt på 935 000.


INNTEKT FRÅ KOFA-GEBYR I 2007 (kroner)

	Kap 4550 post 02
Budsjett 2007	193 000
Gebyr innbetalt i 2007	1 134 830
Meirinntekt	941 830

INNTEKT FRÅ LOVBROTTSGEBYR 2007 (kroner)

	Kap 4550 post 03
Vinningsavståing 2007	-
Tvangsmulkt 2007	-
Bøter 2007	-
Lovbrottsgebyr 2007	935 000
Sum	935 000

UTVIKLING I LØYVINGAR TIL ORDINÆR DRIFT 2000-2007 (mill. kroner)




Disponible midler og forbruk

I 2001 vart Konkurransetilsynet sine åtte regionkontor lagde ned. Stortinget løyva 10,8 millionar ekstra til gjennomføringa. I 2005 auka rammeløyvinga med 10 millionar for å styrkje konkurranselover og Konkurransetilsynet, og for å få ned sakshandsamingstida. Løyvingar til flyttinga av Konkurransetilsynet til Bergen 2004-2006, og løyvingar til KOFA, er ikkje med i tabellen. Auken i 2006 og 2007 samsvarer med prisveksten og representerer ikkje ein auke i løyvinga.

FORBRUK ETTER FORMÅL 2007 (kroner)

Marknadsovervaking Kompetanse Rekruttering EDB og arkiv
 Informasjonsverksemd Administrasjon HMS-tiltak Lokal
 Flyttekostnader utover løyvingar til flytting Anna



Nær halvparten av Konkurransetilsynet sitt budsjett i 2007 gjekk til marknadstilsyn og overvaking. Forutan kostnader med flyttinga frå Oslo til Bergen, var andre viktige postar i 2007 utvikling av infrastruktur, kompetanseheving og informasjonsverksemd.

SAKSSTATISTIKK


AVSLUTTA SAKER

	2004	2005	2006	2007
§16: Inngrep mot fusjonar og oppkjøp	5	6	2	5
§10/11: Inngrep mot konkurranseskadeleg åtferd	4 ¹	1	0	2
§9e: Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar	10	6	2	5
Høyringsuttalningar med merknader av betydning	81	61	68	58
§10/11: Avslag på ønske om inngrep (konkurranselova av 2004)	10	41	55	36
Lovbrottsgebyr – ikkje/for seint melde føretakssamanslutningar	0	6	66	17
Vedtak om plikt til å rapportere informasjon til tilsynet		9	3	4
Fastsetjing av maksimalprisar drosje		2	0	1
Skattefunn-vedtak			440 ²	3 ²
Andre vedtak			2	1

MOTTEKNE SAKER

	2005	2006	2007
§16: meldingar av fusjonar og oppkjøp	623	872	561
§10/11: Klager og tips om brot på lova/konkurranseskadeleg åtferd	162	91	58 ³
§9e: Ønske om at tilsynet påpeiker skadelege offentlege reguleringar	28	19	15
Innkome høyringssaker	195	194	211
Internasjonale saker	116	138	181
Administrative og andre saker	547	311	261
Skattefunn		314	
Totalt	1671	1939	1287

SAKER OM ULOVLEG SAMARBEID (§10) OG MISBRUK AV DOMINERANDE STILLING (§11)



MELDINGAR OM FUSJONAR OG OPPKJØP

	2004	2005	2006	2007
Alminnelege meldingar	308	620	867	558
Frivillig innsendte fullstendige meldingar	5	3	5	3
Mottekne meldingar totalt	313	623	872	561
Melde føretakssamanslutningar som ikkje var meldepliktige	29	26	41	23
Antal pålagde fullstendige meldingar	14	19 ⁴	26 ⁴	17
Antal fullstendige meldingar totalt	19	22	31	20
Andel fullstendige meldingar/alle meldingar	6 %	4 %	4 %	4 %
Antal ubegrunna varsel om vedtak (i saker kor melding blei motteken det året)	6	12	10	7
Antal vedtak (i saker kor melding blei motteken det året)	5	3 ⁵	4	3
Vedtak (i saker kor melding blei motteken det året) kor føretakssammenslutningar blei forbode	1	1	3	0
Vedtak (i saker kor melding blei motteken det året) kor føretakssammenslutninga blei godkjent på vilkår	4	2	1	3
Fullstendige meldingar fortsatt til handsaming	0	0	0	4
Lovbrottsgebyr for brot på meldeplikta totalt, i tusen kroner		60	1 850	610

1: Ny lov med forbod mot misbruk av dominerande stilling blei innført i 2004. Tidligere måtte Konkurransetilsynet aktivt gripe inn i slike saker.

2: I nokre saker blei det fatta fleire vedtak. Vedtak i 2007 gjeld ei sak motteken i 2006.


3: Enkle førespurnader til tilsynet vedrørende §§ 10 og 11 vert no svart på utan at desse blir registrerte som egne klagesaker.

4: Både i 2004 og i 2005 blei 3 pålegg om fullstendig melding trekte tilbake.


5: Pluss 1 føretakssamanslutning som blei handsama i Europakommisjonen. Denne blei godkjent på vilkår.

UTVIKLING AV MELDEPLIKT FOR FØRETAKSSAMANSLUTNINGAR I 2004-2007

Antal mottekne meldingar mai 2004-december 2007



Antal meldingar om føretakssamanslutning 2004-2007



KONKURRANSETILSYNET HAR EIT GODT RYKTE

Konkurransetilsynet har eit godt omdømme og høg tillit både i befolkninga og i profesjonelle miljø. Det syner kartleggingar Konkurransetilsynet gjer jamleg. Talet på dei som har eit godt totalinntrykk av tilsynet har halde seg stabilt dei tre siste åra.

■ ■ Konkurransetilsynet har i sitt strategiarbeid sett opp ei rekkje resultatmål for verksemda. For å kunne nå målsetjingane, er omdømmeundersøkinga ein viktig indikator. Undersøkinga gir svar på kva utfordringar tilsynet står overfor, og gjer det lettare å setje i verk tiltak for å nå målsetjingane.

FOR LÅG KJENNSKAP TIL KONKURRANSELOVA

Sjølvs om kjennskapen og tilliten til Konkurransetilsynet jamt over er tilfredsstillande, syner omdømmeundersøkinga at det er behov for å auke kunnskapen om delar av konkurranselovera. Tilsynet har som eit viktig fokusområde å auke kunnskapen om konkurransepolitikk, særleg blant forretningsadvokatar generelt, næringspolitiske organisasjonar og i næringslivet. Som ein del av omdømmeundersøkinga har tilsynet dei to siste åra undersøkt i kva grad desse profesjonelle miljøa kjenner til dei mest sentrale føresegnene i konkurranselovera. Sjå graf 1, «Utvalde profesjonelle målgrupper sin kjennskap til føresegnene i konkurranselovera».

BØTERABATT UKJENT FOR 79 PROSENT

Resultata frå 2007 syner mellom anna at 79 prosent av dei spurte ikkje kjente til ordninga med at Konkurransetilsynet gir bøterabatt eller amnesti dersom ein melder frå om ulovleg pris- og anbodssam-

arbeid (kartellverksemd). Ordninga går ut på at selskap som deltek i eit ulovleg samarbeid kan slippe bot dersom det er først ute med å kontakte Konkurransetilsynet om dette. Målsetjinga for 2010 er at 50 prosent skal kjenne til denne ordninga. Dårlegast kjennskap til ordninga har næringslivsleiarar i små og mellomstore bedrifter. Eit tiltak for å auke kunnskapen om ordninga med bøterabatt, er eit samarbeid med NHO om ein informasjonskampanje retta mot NHO sine medlemmer. Sjå graf 2, «Veit du kva ordninga med bøterabatt eller reduksjon av lovbrøtsgebyr går ut på?»


BØR GRIPE INN OFTARE

Kartleggingane dei siste åra syner òg at mange meiner tilsynet grip for sjeldan inn i marknaden. I 2007 var talet 54 prosent, som er 11 prosentpoeng fleire enn i 2002. Sjå graf 3, «Konkurransetilsynet grip for sjeldan inn i marknaden».

MEINER TILSYNET BØR FÅ STERKARE VERKEMIDDEL


Ei anna interessant problemstilling er at mange meiner Konkurransetilsynet bør få sterkare verkemiddel i kampen mot ulovleg prissamarbeid. 77 prosent av dei spurte meiner tilsynet bør få sterkare verkemiddel, og det er ein auke på 10 prosentpoeng frå 2002. Sjå graf 4, «Konkurransetilsynet bør få sterkare verkemiddel i kampen mot ulovleg prissamarbeid».

GRAF 1: UTVALDE PROFESJONELLE MÅLGRUPPER SIN KJENNSKAP TIL FØRESEGNER I KONKURRANSELOVA



Plikta til å melde fusjonar og oppkjøp (foretakssamanslutningar) til Konkurransetilsynet.

GRAF 2: VEIT DU KVA ORDNINGA MED BØTERABATT ELLER REDUKSJON AV LOVBROTSGEBYR GÅR UT PÅ?



Måltall for 2010 er 50 prosent. Måltall for 2007 er 20 prosent.

KOFA HELD AUGA MED OFFENTLEGE INNKJØP

KOFA, Klagenemnda for offentlege anskaffingar, er eit nasjonalt klageorgan som tek stilling til om ein offentlig oppdragsgjevar har brote regelverket for offentlege innkjøp.

Regelverket for offentlege innkjøp skal sikre at alle leverandørar vert behandla likt og at innkjøpsprosessane er gjennomsiktige, føreseielege og kan etterprøvast. Regelverket skal også sjå til at det offentlege opptrer med stor integritet slik at folk kan lite på at offentlege innkjøp går rett føre seg.

Det offentlege Norge handlar for enorme beløp kvart år, og ved effektiv ressursbruk kan vi spare store summer som kan kome fellesskapet til gode. Eit regelverk som sikrar ein viss kontroll med ressursbruken til det offentlege, vil også kunne hindre offentlig korrupsjon.

Konkurransetilsynet og KOFA handhevar ulike regelsett, men arbeider for same mål – å auke konkurransen i samfunnet. Etter at KOFA vart administrativt underlagt Konkurransetilsynet, har begge hatt nytte av felles erfaringar og kunnskap. I framtida vil samarbeidet styrkast ytterlegare.

VESENTLEG REDUKSJON I SAKSBEHANDLINGSTIDA

I 2007 vart saksbehandlingstida redusert betydeleg, og i oktober nådde


KOFA målet om ei saksbehandlingstid på rundt 3 månader. KOFA står no igjen fram som eit effektivt klageorgan som tilbyr hjelp til hurtig konfliktløsning mellom partane.

KOFA avgjorde 217 saker i 2007. Av desse sakene vart det konstatert brot i 115 saker. Dette er ei markant auke i brot frå tidlegare år. Årsaka til dette er uklar, men det kan bety at leverandørane har betre kunnskap om regelverket og veit kva dei kan klage på.


FEKK RETT TIL Å GJE LOVBROTSGEBYR

Med verknad frå 1. januar 2007 fekk KOFA mynde til å gje lovbrøtsgebyr for ulovlege direkteanskaffingar, dvs innkjøp som ikkje er kunnngjorde etter regelverket. Slike brot er dei alvorlegaste, sidan manglande kunnngjering gjer konkurranse umogleg. Gebyra har rettsverknad for partane og kan ankast vidare til dei alminnelege domstolane. Statens Vegvesen fekk i august 2007 det første gebyret frå KOFA, på ein million kroner.

GRAF 3: KONKURRANSETILSYNET GRIP FOR SJELDAN INN I MARKNADEN



GRAF 4: KONKURRANSETILSYNET BØR FÅ STERKARE VERKEMIDDEL I KAMPEN MOT ULOVLEG PRISSAMARBEID



INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Informasjon og kommunikasjon er eit prioritert og integrert verkemiddel for å skape større forståing for konkurransereglane og synleggjere tilsynet sine vurderingar.


■ ■ I 2007 starta tilsynet eit nytt samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO). Formålet med satsinga er å styrkje dialogen med verksemdar gjennom møte, seminar og aktiv informasjon om konkurranselover. Tilsynet legg vekt på kontakt med bransjane som er under tilsyn og med bransjeorganisasjonane. Konkurransetilsynet har og jamleg kontakt med samarbeidande styresmakter som Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Post og teletilsynet og Kredittilsynet.

KONKURRANSETILSYNET I MEDIA

Omtale i media er viktig for å skape større forståing for konkurranse. Konkurransetilsynet hadde meir enn 3000 presseoppslag i 2007, dei fleste i medium med brei dekning og med lesarar som utgjer sentrale målgrupper for tilsynet. Meir enn 20 prosent av oppslaga i trykte medium var i Dagens Næringsliv og Aftenposten. Blant nettmedia finn vi dei fleste oppslaga i e24.no og Hegnar.no, som rettar seg mot leiarar i næringslivet og finanssektoren. Nær halvparten av innslaga i etermedia var i NRK Dagsnytt og Alltid nyheter.

FORDELING PER MEDIATYPE 2007

■ Nettaviser ■ Trykte medium ■ Etermedium



Konkurransetilsynet hadde meir enn 3 000 presseoppslag i 2007:

Nettaviser: 2 152 (65 prosent)
Trykte medium: 1 050 (32 prosent)
Etermedium: 101 (3 prosent)

FORBETRA NETTINFORMASJON

Tilsynet oppgraderte i 2007 www.konkurransetilsynet.no. Endringa innebar raskare sidevisning, eit elektronisk skjema for tips og klager, oversikt over komande arrangement og moglegheit til å abonnere på nyheiter. Tilsynet publiserer to til tre nyheiter kvar veke. Nye saker vert sende til media og andre abonnentar umiddelbart ved publisering.

SENTRALE PUBLIKASJONAR

Fire utgåver av bladet Konkurransenytt vart sendt ut til brukarar og interessentar i 2007. Bladet kan lastast ned elektronisk på www.konkurransetilsynet.no.

Konkurransetilsynet gav ut analysen *Capacity for Competition* om den nordiske kraftmarknaden i samarbeid med konkurranseinstansane i Sverige, Danmark, Finland og Island.

KONFERANSAR OG SEMINAR

Tilsynet gjennomførte eit seminar i juni om konkurranse og nyskaping, og eit halvdagsseminar om vertikale restriksjonar i september. Begge seminarar vart haldne eksternt, i tråd med Konkurransetilsynet si målsetjing om å knytte til seg personar og institusjonar som kan synleggjere den samfunnsnyttige verdien av konkurransekontroll.

På eit halvdagsseminar om kamp mot kartellverksemd var to av dei fremste ekspertane i verda på avsløring og bekjemping av konkurransekriminalitet, Scott Hammond frå det amerikanske justisdepartementet og Simon Williams frå det britiske konkurransetilsynet, blant foredragshaldarane.

Seminarartilboda Konkurranserettsforum og Konkurransøkonomisk forum hadde i alt ni arrangement i 2007. Blant høgdepunkta var foredraget til Gregory Werden frå det amerikanske justisdepartementet, som tok føre seg potensielle verknader av fusjonar og oppkjøp i ein marknad.

ORDFORKLARINGAR

BEVISSIKRING Også kalla razzia eller «dawn raid». Ved bevisikring kan Konkurransetilsynet leite etter prov for brot på konkurranselover hjå foretak og i private heimar, utan samtykke frå dei som vert utsette for bevisikringa. Ei slik bevisikring må først vere godkjend av tingretten.

BØTERABATT Sjå lemping.

DOMINERANDE STILLING Eit dominerande foretak har ei sterk stilling i den relevante marknaden og kan i stor grad opptre uavhengig av konkurrentar og kundar. Eit slikt foretak kan hindre effektiv konkurranse i marknaden. Å ha ei dominerande stilling er ikkje forbode i seg sjølv, men foretak som har ei dominerande stilling har eit særleg ansvar for ikkje å opptre slik at konkurransen vert avgrensa. Spørsmålet om eit foretak er dominerande eller ikkje, må vurderast særskilt i kvar enkelt sak.

DUOPOL Ein marknad som er dominert av to foretak.

EFFEKTIV KONKURRANSE Effektiv konkurranse i ein marknad gjer at varer vert selde til kostnadsbaserte prisar. Effektiv konkurranse kan komme av ein kombinasjon av fleire høve, mellom anna at det finst eit visst tal tilbydarar, at dei ikkje handlar i samforstand med kvarandre og at det ikkje finst vesentlege hindringar for nyetablering.

FØRETAK Konkurranselova gjeld for foretak, det vil seie alle einingar som driv økonomisk verksemd. Det spelar inga rolle om verksemda har som mål å gje økonomisk gevinst eller ikkje, eller kva juridisk form det er på verksemda. Offentlege organ kan òg falle inn under omgrepet når det ikkje er tale om utøving av styresmakt.

FØRETAKSSAMANSLUTNING Fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til direkte eller indirekte, heil eller delvis kontroll i andre selskap. Føretakssamanslutningar skal meldast til Konkurransetilsynet.

HORISONTAL AVGRENSING AV KONKURRANSEN Horisontale avtalar er avtalar mellom foretak på same ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom detaljistar eller mellom produsentar. Prissamarbeid og marknadssdeling er eksempel på horisontal avgrensing av konkurransen.

KARTELL Ei gruppe sjølvstendige foretak som gjennom avtale eller samordna opptreden hindrar, innskrenkar eller vrir konkurransen. Prissamarbeid, anbodssamarbeid og marknadssdeling er døme på kartellverksemd.

KOFA Klagenemnda for offentlege anskaffingar

KONKURRANSEAVGRENSANDE SAMARBEID Konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, omfattar alle typar avtalar, skriftlege og munnlege, mellom to eller fleire foretak. Avtalen treng ikkje vere rettsleg bindande. Samordna opptreden vert òg ramma, sjølv om det ikkje finst nokon avtale. Forbode omfattar dessutan avgjerder som er treft av samanslutningar av foretak, til dømes ein bransjeorganisasjon.

KONKURRANSESTYRESMAKTER Konkurransestyresmaktene i Norge er Kongen, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Konkurransetilsynet.

KONSENTRASJON Dersom det er få, store foretak i ein marknad, er det høg konsentrasjon i marknaden. Ein fusjon eller eit oppkjøp som gjer at talet på aktørar i ein marknad minskar, førar til auka konsentrasjon i den marknaden.

LEMPING Heil eller delvis nedsetting av lovbrotsgebyr, også omtala som «leniency». Eit foretak som deltar i eit ulovleg samarbeid kan verte fritake for lovbrotsgebyr dersom det er det første til å avsløre samarbeidet. Andre foretak som deltek i kartellet kan oppnå delvis fritak ved å samarbeide med Konkurransetilsynet under etterforskinga.

LOVBROTSGEBYR Også kalla administrativ eller sivilrettsleg bot. Ved brot på konkurranselover kan Konkurransetilsynet gjere vedtak om lovbrotsgebyr. Eit slikt vedtak kan ikkje påklagast, men kan handsamast av domstolane.

MISBRUK AV DOMINANS Sjå utilbørleg utnyttning av dominerande stilling.

MARKNADSSAVGRENSING Når Konkurransetilsynet skal vurdere kva for verknader ei særskild atferd har for konkurransen, eller kva for verknader ei føretakssamanslutning kan ha, tar tilsynet utgangspunkt i forholda i den eller dei aktuelle marknadene. Avgrensing av den relevante marknaden inneber å identifisere ein produktmarknad og ein geografisk

marknad. Marknadsavgrensinga må gjerast konkret i kvar enkelt sak.

MARKNADSSDELING Oppdeling av marknader mellom konkurrentar. Det kan til dømes vere tale om geografisk deling, deling av kundegrupper eller deling av marknader for ulike produkt.

MONOPOL Ein marknad med berre eitt foretak.

OLIGOPOL Ein marknad som er dominert av eit fåtal store foretak.

OVERTREDELSESGEBYR (BOKMÅL) Sjå lovbrotsgebyr.

PRISSAMARBEID Samarbeid om fastsetting av prisar. Prissamarbeid svekkjer konkurransen, fordi pris som regel er den viktigaste faktoren i konkurransen. Difor ser konkurransestyresmaktene særleg alvorleg på slikt samarbeid.

PÅBOD OM OPPHØYR Ved brot på forboda i konkurranselover kan Konkurransetilsynet påby at den ulovlege atferda skal opphøyre. Eit påbod om opphøyr kan innehalde alle tiltak som er naudsynte for å få slutt på lovbrotet. Påbod om opphøyr kan òg nyttast i kombinasjon med gebyr.

PÅPEIKING Fråsegn frå Konkurransetilsynet om konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

RELEVANT MARKNAD Sjå Marknadsavgrensing.

UTILBØRLEG UTNYTTING AV DOMINERANDE STILLING Utilbørleg utnyttning av ei dominerande stilling er forbode etter konkurranselover. Det vil seie at foretak som kvar for seg eller saman har ei dominerande stilling i marknaden, ikkje får misbruke denne marknadsmakta. Eksempel på utilbørleg utnyttning er urimelege prisar; konkurranseskadeleg underprising; avgrensing av produksjon og sal; lojalitetsrabattar og -vilkår samt konkurranseskadelege koplingar av ulike produkt og/eller tenester.

VERTIKAL AVGRENSING AV KONKURRANSEN Avtalar mellom foretak på ulike ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom grossistar og detaljistar. Fastsetting av bindande minimumsprisar og visse former for eksklusivitetsavtaler er døme på vertikal avgrensing av konkurransen.